

Omsetting av Den tyske ideologien

Den tyske ideologien – kommentar frå omsettaren

Så er grovomsettinga av ”Den tyske ideologien” ferdig som ei nyttårsgåve til alle som vil forstå den verda vi framleis lever i litt betre enn før og som er interessert i å skape ei betre verd enn henne. Eg har gjort denne omsettinga, som eigentlig tok til i 1997, ferdig no fordi den nye krisearta økonomiske situasjonen i verda igjen har gjort Marx svært aktuell (eg skriv no 2013/14) og fordi det har komme betre tekstkritiske utgåver av han enn vi har hatt før, ettersom arbeidet med den nye MEGA (Marx Engels Gesammelte Werke) utgåva og nye utgåver på forskjellige språk, skrid fram.

Omsettinga er laga ut frå tekstane i tidligare samlewerk som Marx Engels Werke, bind 3, Karl Marx Frederick Engels Collected Works, bind 5 og den nye tyske utgåva av Karl Marx, Werke (i 6 bind), Schriften, bind 2, Frühe Schriften II, Darmstadt 2013. Her har dei vald å gi ein tekst som følgjer originalmanuskriptet tettast mulig, blant anna ved å dele noen sider inn i to spalter, sidan det handskrivne manuskriptet er inndelt slik. Eg har vald å følgje tekstrekkefølgja i denne (studie)utgåva som er laga av Lambert Schneider Verlag, som produserer for Wissenschaftliche Buchgesellschaft i Tyskland (den største kvalitetsbokklubben for faglitteratur i Europa).

Eg har også begynt å kontrollere omsettinga ut frå ei samanlikning med Karl Marx Verker i utvalg, Pax 1970, bind 2 ”Frå den tyske ideologi” og konsultert ei anna engelsk omsetting i Marx: Early Political Writings, Cambridge Texts in the History of Political Thought, Cambridge University Press, 1994 og ei svensk omsetting i Karl Marx: Människans Frigjörelse, Bokförlaget Daidalos AB, 1995 og ei dansk omsetting.

I presentasjonen av den siste tyske utgåva heiter det ”I høve den aktuelle verdsøkonomiske situasjonen får filosofien og verka til Karl Marx igjen ein særlig relevans. Mange av prognosane hans blir i dag bekrefta: utbyttinga i verda, kapitalakkumulasjonen, tiltakande internasjonal samanfletting og krisearta fenomen. I det siste, etter finans- og økonomikrisa, er kritikken mot utbytting og urettferdigheit igjen blitt kraftigare. Det er nok ein grunn til å lese Marx (oppatt). Denne flott redigerte utgåva av Marx sine viktigaste verk inneheld dei skriftene som er uomgjengelige for å forstå tankane hans. Dei dannar ei bru frå ungdomsverka over dei viktigaste politiske publikasjonar til eit utval av økonomiske tekstar; frå doktoravhandlinga ved universitetet i Jena til ”Feuerbachtesane” og ”Det kommunistiske partis manifest” til den uavkorta teksten til ”Kapitalen”. Eg har skrive ei utfyllande samanfatting og kommentar til forordet til denne utgåva som du finn her:

<http://www.tvalen.no/onewebmedia/hjemmeside/Marx%20verk%20i%20utval.pdf>

Slik eg ser det er utvalet i utgåva ganske bra. Eg savnar ”Utdrag av Mills *Éléments d'économie politique*, ”Grundrisse” og ”Teoriar om meirverdien”, men for å få med dei to siste av desse måtte dei ha utvida med om lag tre bind til.

Eg brukar både røynd og verkelegheit for å omsette Wirklichkeit der røynda er den opplevde verkelegheita (noe som er erfart) og verkelegheita er det som eksisterer uavhengig av den menneskelige sansinga og oppfatninga.

Dette er førebels ei grovomsetting som vil bli handsama nøyare frametter. Det er fint om noen har hjelpende kommentarar som kan sendast til tervalen@online.no.

Karl Marx

og

Friedrich Engels

DEN TYSKE IDEOLOGIEN

Kritikk av den nyaste tyske filosofien

i følgje representantane hans,

Feuerbach, B. Bauer og Stirner

og av tysk sosialisme

i følgje dei ymse profetane hansⁱ

Første bok

Kritikk av moderne tysk filosofi etter representantane Feuerbach, Bruno Bauer og Stirner.

Føreord.

Fram til no har menneska heile tida laga seg falske oppfatningar om seg sjølve - om kva dei er og kva dei bør vere. Dei har innretta forholda seg imellom etter ideane sine om Gud, det normale menneske, osb. Dei (dårlige) produkta frå deira eige hovud har vakse dei over hovudet. Dei, skaparane, har bøygð seg ned framfor det dei sjølve har skapt. Lat oss frigjøre dei frå åket av dette hjernespinnet, desse ideane, dogma, dei innbilte skapnadene som dei blir tært opp av. Lat oss gjøre opprør mot dette herredømmet til tankane. Lat oss lære dei å skifte ut desse innbillingsane med tankar som svarer til det menneskelige vesen, seier ein¹. Lat oss lære dei å få ei kritisk haldning til dette, seier ein annan². Lat oss lære dei å få desse fantasiane ut av hovudet sitt, seier ein tredje³. Og den eksisterande verkelegheita vil falle saman.

Desse uskuldige og barnslege innfalla er kjernen i den nyare unghegelianske filosofien som ikkje berre blir motteken med redsle og djup vørdnad av publikum i Tyskland, men som og blir lagd fram av dei *filosofiske heltane* våre med eit høgtidelege medvit om den verdsomstyrande faren og den kriminelle omsynsløysa i han. Det første bindet av dette skriftet har som mål å kle av desse sauane, som ser på seg sjølv som ulvar og derfor blir sett

¹ Ludwig Feuerbach. – Red.

² Bruno Bauer. – Red.

³ Max Stirner. – Red.

slik på av andre og; å vise korleis mekringa deira bare imiterer, i filosofisk form, førestellingane til dei tyske borgarane; å vise korleis skrytinga til desse filosofiske kommentatorane bare speglar av elendet i dei verkelige forholda i Tyskland. Det er målet til dette skriftet å gjøre narr av og diskreditere den filosofiske kampen med skuggane av verkelegheita som tiltalar den drøymande og forvirra tyske nasjonen (det drøymande og forvirra tyske folket).

Ein gong hadde ein tapper mann den ideen at folk drukna i vatn bare fordi dei var trollbundne av ideen om tyngdekrafta. Viss dei bare kunne få denne tanken ut av hovudet sitt, til dømes ved å innrømme at det var overtru eller ei religiøs oppfatning, så kunne dei bli heilt trygg mot einkvar fare frå vatnet. Heile livet kjempa han mot illusjonen om tyngdekrafta som all statistikk gav han nye og talrike prov for farane ved.

Denne tapre fyren var av same slag som dei nye revolusjonære filosofane i Tyskland.*

*Frå den engelske utgåva. [Den følgjande teksten er kryssa ut i manuskriptet:] Der er ikkje noen særeigen forskjell mellom den tyske idealismen og ideoleten til alle dei andre nasjonane. Dei sistnemnde ser også på verda som om han var dominert av idear, idear og omgrep som dei bestemmande prinsippa, og visse oppfatningar som er det mystiske av den materielle verda som er tilgjengelig for filosofane.

Hegel fullførte den positive idealismen. Ikkje bare gjorde han om heile den materielle verda til ei idéverd og heile historia til ei historie om idear. Han var ikkje tilfreds med å teikne ned tankeiningar, han prøvde også å beskrive skapingsakta. Dei tyske filosofane, som er vekt opp frå fantasiverda si, protesterer mot idéverda som dei [...] oppfatninga av det verkelige, materielle [...].

Alle dei tyske filosofiske kritikarane forsikrar oss om at den verkelige verda til menneska til no har vere dominert av og bestemt av idear, bilete, omgrep og at den verkelige verda er eit produkt av idéverda. Dette har vere saka fram til no, men no bør det endrast. Dei skiljar seg frå kvarandre på den måten som dei vil bruke for å frelse menneska som ifølge deira oppfatning stønnar under vekta av sine eigne fastlåste idear. Dei skiljar seg ut frå kva dei held fram er fastlåste idear. Dei er samde i trua på ideane sitt hegemoni. Dei er samde i trua på at verksemda til den kritiske fornufta deira må føre til øydelegginga av tinga sin eksisterande ordning anten dei ser på sin eigen isolerte fornuftsverksemdu som tilstrekkelige for dette, eller dei vil erobre det universelle medvitet.

Trua på at den verkelige verda er produktet av idéverda, at idéverda [...].

Etter at dei har mist trua på den hegelianske idéverda protesterer dei tyske filosofane mot dominansen til tankar, idear og omgrep som i følgje deira mening, dvs. i følgje *Hegels illusion*, hittil har produsert, bestemt og dominert den verkelige verda. Dei framfører protesten sin og sloknar [...].

I følgje det hegeliske systemet har idear, tankar og omgrep produsert, bestemt, dominert menneska sitt verkelige liv, den materielle verda deira, dei verkelige forholda deira. Desse opprørskre disiplene tar dette [...].

/1/

I

Feuerbach

[Motsetnad mellom den materialistiske og idealistiske oppfatninga].⁴

⁴ Overskrifta er etter eit notat som fins i Engels gamle handskrift på den siste sida av Feuerbach-manuskriptet; sjå dette bindet, s. 90.

Marx og Engels jobba med Feuerbach-kapitlet frå september 1845 til oktober 1946. Det var tenkt som ei innleiing til begge delane av "Den tyske ideologi" og "Leipzig-konsilet" og til "Sann sosialisme". Det er liten

Etter det vi hører frå tyske ideologar, har Tyskland gått gjennom ein revolusjon utan like i løpet av dei siste få åra. Opprotninga av den hegelske filosofien, som tok til med Strauss, har utvikla seg til ei verdsgjæring som alle "fortidas makter" blir trekt inn i. I det allmenne kaoset har mektige riker dukka opp bare for straks å gå under, heltar har plutselig stått fram bare for å bli kasta tilbake i mørket av taprare og sterke rivalar. Opp mot denne revolusjonen var Den Franske Revolusjonen bare barneleik. Det var ein verdkamp som gjorde at kampen til diadokarane [Alexander den stores fem hærførarar. Omsettaren merknad.] ser ubetydeleg ut. Prinsipp fortrengte kvarandre, tankeheltar kasta kvarandre med uhøyrt fart og på dei tre åra 1842 - 45 blei meir feid vekk i Tyskland enn i løpet av dei tre hundreåra som var gått før det.

Alt dette skal ha funne stad i den reine tenkinga.

Det handlar sanneleg om ei interessant hending: opprotningsprosessen til den absolutte anden. Då den siste gneisten av liv var slokna, begynte dei forskjellige delane av denne destillasjonsresten⁵ å gå i oppløysing, gå inn i nye samband og danne nye materiale. Filosofien sine industriherrar som fram til dette hadde levd på utbyttinga av den absolutte ånda, kasta seg no over dei nye samanbindingane. Kvar av dei sette iherdig i gang detaljhandel med den delen som hadde tilfalle han. Dette kunne ikkje gå føre seg utan konkurranse. Den blei først ført på ein ganske borgarlig og anstendig måte. Då den tyske marknaden seinare var overfylt og varen, til tross for alt strev, ikkje fann noen avsetning på verdsmarknaden, blei forretninga øydelagd på den vanlege tyske måten, ved framstelling utan eigenart og skinnproduksjon, svekking av kvaliteten, forfalsking av råstoff, ved at etikettane blei forfalska, ved falske oppkjøp, spekulasjon i vekslar og eit kreditsystem som sakna eit kvart verkeleg grunnlag. Konkuransen gjekk over til ein forbitra kamp som no blei tilrådd og oppkonstruert for oss som eit verdshistorisk vendepunkt som har skapt dei største resultat og framskrift.

For å verdsette rett den sanne verdien til dette filosofiske bløffmakeriet som sjølv i bringa til den ærlege tyske borgaren vekker ein glød av nasjonalkjensle, viss vi ønskjer å få klårt fram det smålege, det lokalt innskrenka til heile denne unghegelianske rørsla, for å vise den tragikomiske kontrasten mellom det desse heltane verkeleg har gjort og illusjonane om desse prestasjonane, er det naudsynt å sjå på heile dette skodespelet frå ein ståstad som ligg utanfor Tyskland.

/2/

einskap i manuskriptet når det gjeld utarbeidingsa. Forutan få sider i førebels og endelig reinskrift inneholder det fleire sider med første kladdeversjon. Her blir teksten plutselig avbroten, eller blir broten opp av stikkord som skal utarbeidast vidare. Forbetringar, innskott, utvidingar og notat til utarbeidingsdekken avsnitt, og mange sider er på denne måten slik at ei klar rekkefølgje i teksten av og til er vanskelig og umulig å finne. I tillegg har visse sider gått tapt. Dette gjør et det kan stillast spørsmål ved rekkefølgja i teksten, for pagineringa er ikkje samanhengande og bare delvis, slik at ein kontroll av kva sider og kor mange sider som manglar ikkje er mulig ut frå ei samanhengande paginering og dermed blir rekkefølgja av dei sidene som finns på visse stader usikker. Det er i alle fall tydelig i kva grad vidare utarbeiding av Feuerbach-manuskriptet som Marx og Engels mente var naudsynt. Dette og tilstanden til manuskriptet gjør at vi gir det att i ein form som samsvarer med manuskriptet slik det er overlevert. For å opplyse om den rekkefølgja i teksten som finns trykk vi opp den pagineringa som finns i manuskriptet og i tillegg med teikna frå MEGA-utgåva for at vi kan samanlikne denne teksten med den i MEGA. Bok og sidetala mellom {} kjem frå Engels, tala utan parentes frå Marx. I dei firkanta parentesane står vår utfylling av manglande paginering. Når det gjeld dei andre delane av "Den tyske ideologi", der rekkefølgja i teksten er sikker, bruker vi pagineringa i manuskriptet.

⁵ Caput mortuum: direkte daudt hovud, eit omgrep brukt i kjemien for resten som er tilbake etter destillasjon. (Merknad frå den engelske utgåva.)

A. Ideologi i det heile, framfor alt tysk ideologi

Tysk kritikk har opp til det siste strevet sitt aldri fjerna seg frå filosofien sitt område. Langt frå å undersøke dei allmenne filosofiske føresetnadene sine, har alle undersøkingane til denne kritikken spira opp av jorda til eit bestemt filosofisk system, Hegel sitt. Det var forvirring (Mystifikasjon) ikkje bare i svara til desse kritikarane, men og i sjølve spørsmåla deira. Grunnen til at ikkje ein av desse moderne kritikarane har forsøkt seg på ein omfattande kritikk av det hegelske systemet, sjølv kor mykje dei seier at dei har komme forbi Hegel, er at dei er så avhengig av han. Polemikken deira mot Hegel og mot kvarandre er avgrensa seg til dette – dei tar kvar si side ut av det hegelske systemet og vender dette mot heile systemet så vel som mot dei sidene dei andre har trekt ut. Til å begynne med tok dei ut reine uforfalska hegelske kategoriar som "substans" og "sjølvmedvit", seinare vanhelliga dei desse kategoriane med verdslege namn som "art", "den einaste", "mennesket", osb.

All tysk filosofisk kritikk frå Strauss til Stirner er avgrensa til kritikk av *religiøse* oppfatningar. /[2a]/ Kritikarane gjekk ut frå den verkelege religionen og den eigentlege teologien. Kva religiøst medvit og religiøs førestelling verkeleg tydde, vart bestemt på ymse måtar ettersom tida gjekk. Framsteget gjekk ut på underordne det dei påstod var dominante metaphysiske, politiske, juridiske, moralske og andre oppfatningar under kategorien religiøse eller teologiske oppfatningar; og på same måte å erklære at politisk, juridisk og moralsk medvit var religiøst eller teologisk medvit, og å erklære det politiske, juridiske, moralske menneske - "mennesket" i siste instans - som religiøst. Religionen sitt herredøme blei tatt for gitt. Gradvis påstod dei at eitkvart dominante tilhøve var eit religiøst tilhøve og omforma til ein kult, retten sin kult, staten sin kult osb. Overalt var det bare eit spørsmål om dogme og tru på dogme. Verda blei gjort stadig meir heilag heilt til vår kjære Sankt Max endeleg var i stand til å kanonisere ho en bloc og på den måten kvitte seg med ho for godt.

Gamalhegelianarane hadde *forstått* alt så snart det blei tilbakeført til ein av Hegel sine logiske kategoriar. Unghegelianarane *kritiserte* alt ved å knytte religiøse oppfatningar til det eller ved å erklære det for teologisk. Unghegelianarane er samde med Gamalhegelianarane i trua på religionen, omgrepa, det allmenne sitt herredøme i den eksisterande verda. Forskjellen er bare at den eine parten går til åtak på dette herredøme som urettmessig tilraning av makt, mens den andre parten rosar det som legitimt.

Sidan desse unghhegelianarane i verkelegheita ser på oppfatningar, tankar, idear, ja alle produkt av medvitet, som dei verkelege lenkene til menneska, akkurat som gamalhegelianarane erklærte at dei var dei sanne banda som heldt menneskesamfunnet saman, så er det openbart at unghhegelianarane bare treng å kjempe mot desse illusjonane til medvitet. Ifølge unghhegelianarane sin fantasi er forholda mellom menneska, alt dei gjør, lenkene og skrankane deira, produkt av medvitet deira. Derfor legg unghhegelianarane logisk nok fram for menneska det moralske postulatet at dei må skifte ut det medvitet dei har nå, med det menneskelege, kritiske eller egoistiske medvitet, og på den måten fjerne skrankane sine. Dette kravet om å endre medvitet trer fram som eit krav om tolke det eksisterande på ein annan måte, dvs. å erkjenne verkelegheita ved hjelp av ei anna tolking. Dei unghhegelianske ideologane er, til tross for frasane sine som dei påstår er "verdsoppløysande", dei største konservative. Dei yngste av dei har funne eit korrekt uttrykk for verksemnda si når dei erklærer at dei bare kjempar mot "frasar". Men dei glømmer at dei sjølv bare stiller frasar opp mot desse frasane og at dei ikkje i det heile kjempar mot den verkeleg eksisterande verda når dei bare kjempar mot denne verda sine frasar. Dei einaste resultata som denne filosofiske kritikken kunne komme fram til /[2c]/ var noen få, og i tillegg heilt einsidige,

religionshistoriske klargjøringar om kristendommen. Resten av påstandane deira er bare vidare utbroderingar av kravet deira om at dei med desse uviktige klargjøringane skulle ha levert oppdaginger av verdhistorisk format.

Det har ikkje falt noen av desse filosofane inn å undersøke samanhengen mellom den tyske filosofien og den tyske røyndomen, samanhengen mellom kritikken deira og deira eigne omgjevnader.⁶

/[?]/⁷ <Vi kjenner bare ein einaste vitskap, historievitskapen. Historia kan vi sjå frå to sider når vi delar ho i naturhistorie og menneskehistorie. Men begge sider kan ikkje skiljast frå kvarandre; så lenge menneske fins, verker naturhistoria og menneskehistoria på kvarandre. Naturhistoria, den såkalla naturvitskapen, angår oss ikkje her. Når det gjeld menneskehistoria vil vi imens gå inn på ho, då mest heile ideologien anten er blitt redusert til ei fordreidd oppfatning av denne historia eller til ein fullstendig abstraksjon av ho. Ideologien sjølv er bare ei av sidene ved denne historia.>

Føresetnadene som vi går ut frå, er ikkje vilkårlige, er ikkje dogme, men verkelege føresetnader som vi bare kan abstrahere frå i fantasien (in der Einbildung). Desse føresetnadene er dei verkelege individua, aktiviteten deira, og dei materielle livsvilkåra deira, både dei som allereie eksisterer og dei som dei produserer gjennom sine eigne handlingar. Desse føresetnadene kan derfor /[?]/ konstaterast på reint empirisk vis.

Den første føresetnaden for all menneskeleg historie er, naturligvis, at det finnast levande menneskelige individ. <Den første *historiske* handlinga til desse individua, som skil dei fra dyra, er ikkje at dei tenkjer, men at dei begynn å *produsere livsmidla sine*.>⁸ Då er altså den første kjennsgjerning som vi må slå fast, den fysiske organiseringa til desse individua og det tilhøvet til naturen som følgjer av denne organiseringa. Vi kan sjølvsagt ikkje her gå inn på den verkelig fysiske eigenart til mennesket sjølv, på dei naturvilkåra som mennesket finn seg sjølv i – geologiske, orohydrografiske*, klimatiske og andre forhold. <Desse tilhøva er føresetnaden for ikkje bare den opphavlige, naturlig framvokse organisasjonen av menneska, framfor alt raseforskjellane, men også heile den vidare utviklinga eller ikkje-utviklinga fram til i dag.>⁹ All historieskriving må gå ut frå desse naturgrunnlag og modifikasjonen av dei gjennom menneska sine handlingar utover i historia.

Vi kan skilje menneska frå dyra ved medvit, religion eller kva du no vil. Men menneska sjølv tar til å skilje seg ut frå dyra så snart som dei begynner å *produsere* dei midla dei treng for å leve, eit steg som avheng av korleis dei er organisert reint fysisk. Når dei produserer livsmidla sine, produserer menneska indirekte det materiellelivet sitt.

Den måten menneska produserer livsmidla sine på, avheng først og fremst av korleis eigenskapane er til sjølve dei livsmidla som dei finn og som dei skal reproducere. /[?]/

⁶ Her sluttar den samanhengande teksten.

⁷ Avsnittet som er merka <> er stroke ut i manuskriptet; det står på ei side som ikkje er paginert av Marx og Engels, tilknytt overskrifta: 1. *Ideologien i det heile, spesielt den tyske filosofien*. Denne overskrifta er ikkje stroke ut i manuskriptet, sjølv om ho er blitt overflødig gjennom ei tilsvarande, men vidare utarbeida overskrift i den reinskrivne teksten som finns på første side av manuskriptet på denne plassen. Sjå dette bindet, side 13; MEGA I/5, side 561.

⁸ Som har med fjell og vatten å gjøre.

⁹ Teksten i <> er stroken ut i manuskriptet.

⁹ Teksten i <> er stroken ut i manuskriptet.

Denne måten å produsere på, må ikkje bli sett på frå den sida at det bare er reproduksjonen av den fysiske eksistensen til individua. Han er heller ei særskilt form for verksemd frå desse individua, ein særskilt måte å ytre livet sitt på, ein særskilt *livsform* for menneska. Slik som individua uttrykk livet sitt, slik er dei. Det dei er, fell altså saman med produksjonen deira, både med *kva* dei produserer og med *korleis* dei produserer. Kva individua er, avheng altså av dei materielle omstende som bestemmer produksjonen deira.

Denne produksjonen dukkar først opp ved *auke i folkesetnaden*. Dette føreset i sin tur eit *samkvem* individua imellom. Forma for dette samkvemmet blir igjen vilkårsbestemt av produksjonen.¹⁰

/3/ Sambandet mellom forskjellige nasjonar avheng av i kor stor grad kvar har utvikla produktivkrefte sine, arbeidsdelinga og det indre samkvemmet. Denne tesen er allment godtatt. Ikkje bare forholdet mellom ein nasjon og andre nasjonar, men også heile den indre strukturen i nasjonen sjølv, avheng av det trinnet utviklinga av produksjonen og det indre og ytre samkvemmet har nådd. Kor langt produksjonskrefte i ein nasjon er utvikla, visast tydligast ved kor langt arbeidsdelinga har blitt utvikla. Kvar ny produktivkraft, i den grad ho ikkje bare er ei utviding av allereie kjente produktivkrefter (til dømes oppdyrking av ny jord), gir opphav til ei vidare utvikling av arbeidsdelinga.

Arbeidsdelinga innan ein nasjon fører først til at det industrielle og kommersielle arbeidet skil seg ut frå jordbruksarbeid og dermed til skiljet mellom *by* og *land* og konflikten mellom interessene deira. Den vidare utviklinga av arbeidsdelinga fører til at det kommersielle skil seg frå det industrielle arbeidet. På same tid utviklar det seg forskjellige skilje, som ei følgje av arbeidsdelinga innanfor desse forskjellige bransjane, mellom dei individua som samverkar i dei ulike slags arbeidsområda. Den stillinga desse individuelle gruppene har til kvarandre, er fastsett av driftsmåtan i jordbruk, industri og handel (patriarkat, slaveri, stender, klassar). Dei same vilkåra kan vi sjå, i det forholdet /3a/ dei forskjellige nasjonane har til kvarandre når dei har eit meir utvikla samkvem.

Dei forskjellige utviklingstrinna av arbeidsdelinga er akkurat like mange former for eigedom, dvs. at den arbeidsdelinga som fins til ei kvar tid også fastset forholda individua har til kvarandre i høve til arbeidsmateriale, arbeidsinstrument og arbeidsprodukt.

Den første eigedomsforma er stammeeigedomen. Den svarar til det uutvikla produksjonstrinnet der folk lever av jakt og fiske, al av kveg, eller, på det høgaste trinnet, åkerbruk. Det siste føreset store vidder med udyrka mark. Arbeidsdelinga på dette trinnet er framleis svore lite utvikla og er avgrensa til ei vidare utviding av den naturlige arbeidsdelinga som eksisterer i familien. Den sosiale oppdelinga er derfor avgrensa til ei utviding av familien: patriarkske høvdingar, under dei medlemmer i stammen, og nedst slavar. Slaveriet som ligg latent i familien, utviklar seg gradvis ettersom folkesetnaden aukar, behova aukar og med utvidinga av det ytre samkvemmet, både i krig og byttehandel.

Den andre forma er den antikke felles- og statseigedommen som særleg veks fram etter at fleire stammar slår seg saman til ein *by* ved at dei inngår ein kontrakt eller ved erobring, og der slaveriet fortsett eksisterer. Ved sida av kommunen sitt felles eige finn vi allereie utvikling av flyttbar og seinare også ikkje-flyttbar privateigedom, men som ein ikkje-normal form underordna felles eigedommen. Byfolket har bare i fellesskap makt over arbeidsslavane og

¹⁰ Den samanhengande teksten sluttar på denne plassen.

bare av den grunn er dei bundne til denne forma for felleseigedom. Det er den felles privateigedommen som tvingar det aktive byfolket til å bli i denne spontant utvikla forma for samanslutning ovafor slavane sine. På grunn av dette fell heile den samfunnsstrukturen som byggjer på slik felleseigedom, og saman med den folket sin makt, i same grad som den ikkje-flyttbare privateigedommen utviklar seg. Arbeidsdelinga er allereie meir utvikla. Vi finn allereie motsetnaden mellom by og land. Seinare finn vi motsetnaden mellom dei statane som representerer byinteressene og dei som representerer landsbygdinteressene, og inne i byane finn vi motsetnaden mellom industri og sjøhandel. Klasseforholdet mellom borgar og slave er nå fullt utvikla.

I og med utviklinga av privateigedomen finn vi her for første gong dei same forholda som vi skal finne att, bare i ein meir utstrakt skala, med den moderne privateigedomen. På den eine sida konsentrasjonen av privateigedom som begynte svore tidleg i Rom (som den licianske agrarloven provar) og utvikla seg svore hurtig frå tida rundt borgarkrigane og særleg under keisarane. På den andre sida, saman med dette, forvandlinga av dei plebeiske småbøndene til eit proletariat som likevel, som ei følgje av stillinga si - halvvegs mellom borgarar med eigedom og slavar - aldri oppnådde noen sjølvstendig utvikling.

Den tredje forma er den føydale eigedomen eller godseigedomen. Mens antikken gjekk ut frå byen og det vesle området rundt han, så gjekk mellomalderen ut frå landet. Dette ulike utgangspunktet blei avgjort av den sparsame folkesetnaden på den tida som var spreidd over eit stort område og som heller ikkje fekk noen større tilvekst frå erostrarane. I motsetnad til Hellas og Rom begynner den føydale utviklinga derfor på eit mykje vidare territorium, som var førebudd av dei romerske erobringane og utbreiinga av jordbrukskulturen i byrjinga hengde saman med dei. Dei siste hundreåra i det samanfallande Romarriket og barbarane si erobring av det, øydela dei ein nokså stor del av produktivkraftene; jordbrukskulturen hadde gått tilbake, industrien hadde forfalle av mangel på marknad, handelen døydd ut eller blitt avbroten med vald, folkesetnadene i byane og på landet gjekk tilbake. Desse eksisterande forholda og den måten å erobringa var organisert på ut frå dette, leidde til utvikling av den føydale eigedomen, under påverknad av den germanske hærskipnaden. Lik stamme- og felleseigedomen er denne og basert på eit fellesskap; men den direkte produserande klassen som står imot han, er ikkje som i oldtida, slavane, men dei liveigne småbøndene. Så snart som føydalismen er fullt utvikla, oppstår og antagonismen i høve til byane. Den hierarkiske strukturen til jordeigedommen, og dei væpna gruppene til følgjessveinane deira, gav adelen makta over dei liveigne. Denne føydale organiseringa var, nett som den antikke felleseigedomen, ei samanslutning mot den undertrykte produserande klassen; men samanslutninga si form og forholdet til dei direkte produsentane var ulikt, fordi det var andre produksjonsvilkår.

Denne føydale strukturen til jordeigedommen hadde motstykket sitt i *byane* i form av korporativ eigedom, handverket sin føydale organisasjon. Her var eigedomen i hovudsak kvar einskild sitt arbeide. Trongen etter ei samanslutning mot den sameinte røvaradelen, trongen etter felles marknadshallar i ei tid då industriherren samstundes var kjøpmann, den veksande konkurransen frå dei flyktande liveigne som strøymde til dei oppblomstrande byane, den føydale strukturen av heile landet: alt dette til saman skapte lauga. Den gradvise oppspara småkapitalen til einskilde handverkarar og det stabile talet deira i ein veksande folkesetnad, utvikla forholdet handverksvenn og lærling, som skapte eit hierarki i byane som var likt det på landsbygda.

Slik var det meste av eigedommen i den føydale epoken samansett av jordeigedom med dei liveigne sitt arbeid lenka til seg på den eine side, og på den andre sida av det personlege

arbeidet til individ som kommanderte over sveinane sitt arbeid med den vesle kapitalen sin. Inndelinga av begge var fastsett av dei avgrensa produksjonsforholda - den spreidde og primitive dyrkinga av jorda og den handverksmessige industrien. Det var liten arbeidsdeling i føydalismen si blomingstid. Kvart land bar i seg antitesen mellom by og land; inndelinga i stender var sjølvsagt skarpt utprega, men utover differensieringa mellom fyrstar, adel, geistlege og bønder på landet, og mellom meistarar, sveinar og lærlingar og snart også lausarbeidarar i byane, var det ikkje noe viktige skilje. Jordbruket var vanskeleggjort ved parsellsystemet, og på sida av det oppstod bøndene sin eigen heimeindustri. I industrien var det ikkje noen arbeidsdeling innanfor dei einskilde handverka og svore lite dei imellom. Skiljet mellom industri og handel fanst allereie i dei eldre byane. I dei nyare utvikla det seg først seinare, då byane tok opp sambandet /[4a]/ seg imellom.

Samlinga av større landområde til føydale kongedømme var naudsint så vel for jordadelen som for byane. Den herskande klassen sin organisasjon, dvs. adelen, hadde derfor overalt ein monark på toppen.¹¹

/{5}/ Faktum er difor at bestemte individ som er produktivt aktive på ein bestemt måte, går inn i desse bestemte sosiale og politiske samanhengane. Den empiriske observasjonen må i kvart einskild tilfelle, utan noen villeiing og noen spekulasjon, få fram den empiriske samanhengen som den sosiale og politiske oppdelinga har med produksjonen.

Den sosiale oppdelinga og staten utviklar seg heile tida ut frå livsprosessen til bestemte individ, ikkje slik som desse individra trer fram i eiga eller andre si førestelling, men slik som dei *verkelig* er, dvs. slik som dei verkar, produserer materielt, og derfor slik som dei er verksame innan bestemte materielle grenser, føresetnader og vilkår som er uavhengige av viljen deira.

<Førestillingane som desse individra gjør seg er førestillingar anten om tilhøvet sitt til naturen eller tilhøvet til kvarandre eller om korleis dei sjølv er laga. Det er innlysande at førestillingane deira i alle desse tilfella er dei – verkelege eller illusoriske – medvitne uttrykka for dei verkelege forholda og verksemda deira, produksjonen deira, samkvemmet deira, deira samfunnsmessige og politiske åferd. Den motsette oppfatninga er bare mulig når vi bortanfor ånda til dei verkelege, materielt vilkårsbestemte individra føreset endå ei ånd utanfor dei. Om dei medvitne uttrykka for deira verkelege forhold er/ [5a] illusoriske, stiller dei verkelegheita på hovudet i førestillingane sine, og då er dette ein følge av den avgrensa verksemdsmåten deira og dei avgrensa samfunnsmessige forholda.>¹²

Produksjonen av ideane, av førestillingane, av medvitet, er frå først av umiddelbart fletta saman med den materielle verksemda og det materielle samkvemmet til menneska, det verkelege livet sitt språk. Her trer førestelling, tenking - menneska sitt åndelege samkvem, fram som noe som flyt like ut av den materielle åferda deira. Det same gjeld for den åndelege produksjonen, slik som et folk framstiller seg i politikken, loven, moralen, religionen, og metafysikken osb. sitt språk. Menneska er produsentane av sine eigne førestillingar, idear osb., det vil seie verkelege, verksame menneske, slik som dei er vilkårsbestemt av ei bestemt utvikling av produktivkraftene sine og det samkvemmet som svarer til det, opp til dei mest utvikla formene. Medvitet (das Bewusstsein) kan aldri vere noe anna enn medviten eksistens (das bewusste Sein), og menneska sin eksistens er den verkelege livsprosessen deira. Viss

¹¹ Den samanhengande teksten sluttar her.

¹² Den teksten som står i <> er stroken ut i manuskriptet.

menneska og forholda deira i heile ideologien synast å vere opp ned som i eit camera obscura, så oppstår dette fenomenet like mykje av den historiske livsprosessen deira, som omsnuinga av tinga på netthinna oppstår av den fysiske livsprosessen deira.

/[5b]/ Heilt motsett av den tyske filosofien, som stig ned frå himmelen til jorda, skal vi her stige frå jorda opp til himmelen. Det vil seie at vi ikkje går ut frå det menneska seier, innbiller seg, føresteller seg, heller ikkje frå dei omtalte, tenkte, innbilte, førestelte menneska, for å nå fram til dei lys levende menneska; men vi går ut frå verkelege, verksame menneske, og viser, ut frå den verkelege livsprosessen deira, og framstiller også utviklinga av denne livsprosessen sine ideologiske refleksar og ekko. Også tåkebileta i menneska sine hjernar er nødvendige sublimat av den materielle livsprosessen deira, som kan konstaterast empirisk og er knytt til materielle føresetnader. Moralen, religionen, metafysikken og all annan ideologi, like så mykje som dei medvitsformene som svarer til dei, held dermed ikkje lenger oppe eit skin av sjølvstende. Dei har inga historie, inga utvikling; men menneska, som utviklar den materielle produksjon og det materielle samkvemmet sitt, endrar saman med denne utviklinga av verkelegheita si, også tenkinga si og produkta av tenkinga si. Det er ikkje medvitet som bestemmer livet, men livet bestemmer medvitet. I den første måten å sjå det på, går vi ut frå medvitet som det levande individet, for den andre, som er i samsvar med verkelege livet, går vi ut frå dei verkelege, levande individua sjølve, og vi ser bare på medvitet deira som *deira* medvit.

Denne måten å sjå det på er ikkje utan føresetnader. Han tar utgangspunkt i dei verkelige føresetnadene og slepp dei ikkje ein augneblink. Føresetnadene er menneske, ikkje i ein eller annan fantasifull isolasjon og fastfrosen tilstand, men i den verkelige utviklingsprosessen, som vi kan fatte empirisk, under bestemte vilkår. Så snart vi framstiller denne verksame livsprosessen, sluttar historia med å vere ei samling daude fakta, slik som ho er for empirikarane, som sjølv framleis er abstrakte, eller ei innbilt verksemd til innbilte subjekt, slik som ho er for idealistane.

Det er altså der som spekulasjonen held opp, ved det verkelige livet, at den verkelege, positive vitskapen begynner, framstellinga av den praktiske verksemda, den praktiske utviklingsprosessen til menneska. Det blir slutt på frasar om medvit, verkeleg kunnskap må komme i staden. Med framstellinga av verkelegheita misser filosofien, som sjølvstendig verksemd, det elementet som han eksisterer i. I beste fall kan vi erstatte han med ei oppsummering av dei mest generelle resultata, som vi kan abstrahere frå observeringa av menneska si historiske utvikling. Desse abstraksjonane i seg sjølv, skild frå den verkelege historia, har i det heile ingen verdi. Dei kan bare tene til å lette ordninga av det historiske materialet, til å gje vink om rekkefølgja av dei enkelte laga. Men dei gir på ingen måte ei oppskrift eller eit skjema, som dei historiske epokane kan skjerast til etter, slik som filosofien gjør. Tvert imot begynner vanskane først når vi går i gang med undersøkinga og ordninga av materialet - anten det no er frå ein tidligare epoke eller frå notida - og med framlegginga av materialet. Fjerninga av desse vanskane er vilkårsbestemt av føresetnader som vi ikkje kan gi her, men som først vil blir klårgjort når vi studerer den verkelege livsprosessen og individua sine handlingar i kvar enkelt epoke. Vi skal her velje ut nokre av desse abstraksjonane, som vi bruker i motsetnad til ideologi, og vi vil illustrere dei med historiske eksempel.¹³

¹³ Den samanhengande teksten er ikkje ført vidare frå denne staden.

[...]¹⁴/ {6} 8/ i verkelegheita og for den praktiske materialisten, dvs. kommunisten, handlar det om å revolusjonere den eksisterande verda, om praktisk å gripe tak i og forandre dei eksisterande tinga. Når vi ein gong i mellom kjem over slike oppfatningar hos Feuerbach, er dei aldri meir enn isolerte aningar og har mykje for liten innverknad på den generelle oppfatninga hans og vi kan ikkje her sjå på dei som meir enn kimar som kan bli utvikla.

Feuerbachs "oppfatning" av den sanselege verda er på den eine sida avgrensa til rein skoding av han, og på den andre til reine kjensler; han seier "Menneske" i staden for "det verkelege historiske mennesket". "Mennesket" er eigentleg "tyskaren". I *skoding* (der Anschauung) av sanseverda råker han for det første nødvendigvis på ting som står i motsetnad til medvitet og kjenslene hans, som uroar harmonien han føreset, harmonien i alle delar av den sanselege verda og især mellom mennesket og naturen. For å fjerne denne uroa må han flykte inn i eit dobbelt sanseinstrykk, mellom eit verdsleg som oppfattar "berre det reint innlysande" og eit høgare, filosofisk, som oppfattar det "sanne vesenet" til tinga. Han ser ikkje korleis den sanselege verda rundt han ikkje er gitt umiddelbart frå evigheita, heile tida som den same, men at ho er eit produkt av industrien og samfunnstilhøva; og sjølvsagt i den tydinga at ho er eit historisk produkt,¹⁵ resultatet av verksemda til ei heil rekke av generasjonar, der kvar einaste stod på skuldrene til den føregåande, utvikla vidare industrien og samkvemmet sitt, og modifiserte det sosiale systemet sitt i samsvar med dei endra behova. Sjølv gjenstandar som kjem frå den enklaste "sanselege vissheita" er berre gitt han gjennom sosial utvikling, industri og handelssamkvem. Det er vel kjent at kirsebærtreet, lik mest alle frukttre, blei planta inn i sona vår av handelen berre for få hundreår sidan, og derfor berre /9/ gjennom denne handlinga i eit bestemt samfunn i ei bestemt tid, har det blitt gitt som "sanseleg visse" for Feuerbach.¹⁶

Elles løyser at kvart djupsindig filosofisk problem seg ganske enkelt opp i eit empirisk faktum når vi har denne oppfattinga av tinga, slik dei verkeleg er og har hendt. Vi skal under her vise det enno klårare. La oss ta som døme det viktige spørsmålet om tilhøvet mellom mennesket og naturen (eller heller som Bruno seier (side 110), "motsetnadene i natur og historie", som om dei var to "ting" skilde frå kvarandre og som om mennesket ikkje alltid har føre seg ein historisk natur og ei naturhistorie) som alle "uutgrundeleg høge arbeid" om "substans" og "sjølvmedvit"¹⁷ har tatt som utgangspunkt, smuldrar bort av seg sjølv med innsikta om at den berømte "einskapen mellom menneske og natur" alltid har eksistert i industrien og at han har eksistert i varierande former i kvar epoke i samsvar med lågare eller høgare utvikling av industrien. På same måte har det vere med mennesket sin "kamp" med naturen, heilt fram til utviklinga av produktivkraftene til ein tilsvarande basis. Industri og handel, produksjon og byte av nødvendige livsmiddel¹⁸ er på si side opphav til distribusjonen og oppdelinga av samfunnklassane og dette igjen gir opphav til måten som det første skjer på; og derfor er det slik at Feuerbach, i Manchester for eksempel, berre ser fabrikkar og maskinar, der det for hundre år sidan berre var spinnehjul og vevstolar å sjå, eller at han i Campagna di Roma berre finn beitemark og sumpar, der han på Augustus si tid ikkje ville ha funne noe anna enn vingardar og villaene til dei romerske kapitalistane. Feuerbach snakkar særleg om oppfatninga til naturvitskapane; han omtalar löyndommar som berre er openbare for auga til fysikaren og kjemikaren; men kvar ville naturvitskapane vere utan industri og handel? Sjølv den "reine" naturvitskapen får målet sitt, på same måte som materialet sitt, berre gjennom handel og

¹⁴ Her begynner ei ny side; teksten før her har gått tapt.

¹⁵ Den opphavlige teksten er: ...at han, i kvar historiske epoke, er resultat av ei heil rad ... retta Marx ved eit tillegg og ei ufullstendig overstryking for å få ... at dei i historiske produkt er resultatet av ein ...

¹⁶ Over høgre spalte i Marx si handskrift: *Feuerbach*.

¹⁷ Landshututgåva: "Weltbewusstsein"; Manuskriptet som ovanfor.

¹⁸ I denne høgda har Marx skrive i høgare spalte: *Feuerbach*.

industri, gjennom den sanselege verksemda til menneska. Så mykje betyr denne aktiviteten, dette uoppførleg sanselege arbeidet og skapinga, denne produksjonen av grunnlaget for heile den sanselege verda som ho nå eksisterer, at dersom ho blei avbrote berre for eitt år, så ville ikkje Feuerbach berre finne ei enorm forandring i den naturlege verda, men ville svært snart sjå at heile verda av menneske og hans eigen oppfatningsevne, ja også hans eigen eksistens, ville vere tapt. I alle fall vil prioriteringa av den ytre naturen bestå, og i alle fall kan ikkje alt brukast på det opphavlege mennesket, frambrakt ved generatio aequivoca¹⁹; men denne skilnaden har meining berre så lenge som mennesket blir sett på som åtskilt frå naturen. Elles er ikkje den naturen som eksisterte før menneskeleg historie på noen måte den naturen som Feuerbach lever i. Det er ikkje den naturen som i dag ikkje lenger eksisterer noen stad (kanskje utanom nokre få Australiske koralløyar som nyleg har oppstått) og som derfor ikkje eksisterer for Feuerbach heller.

Feuerbach har /10/ riktig nok eit stort fortrinn framfor dei "reine" materialistane sidan han forstår at mennesket også er ein "sansemessig gjenstand". Men bortsett frå det faktumet at han berre oppfattar henne som ein "sansemessig gjenstand", ikkje som "sanseleg verksemd", fordi han også her held seg i teorien si sfære og ikkje oppfattar menneska i deira faktiske samfunnsmessige samanheng, ikkje under dei føreliggande livsvilkåra deira, som har gjort dei til det dei er, kjem han aldri fram til dei verkeleg eksisterande, verksame menneska, men stoppar ved det abstrakte "mennesket", og kjem ikkje lenger enn til å erkjenne "det faktiske, individuelle, levande mennesket" i kjenslene, dvs. han kjenner ikkje andre "menneskelege forhold" "menneske til menneske" enn kjærleik og venskap, og til og med det på idealisert vis. Han kritiserer ikkje dei noverande livsvilkåra. Han kjem altså aldri så langt som til å oppfatte den sanselege verda som den samla, levande, sanselege *verksemda*, utført av dei individua som får ho i stand. Derfor er det slik at han når han blir han tvinga til ta tilflukt bak ei "høgare saumfaring" og den ideelle "utjamninga til arten", når han, til dømes, i staden for sunne menn ser ein flokk av kjertelsjuke, overarbeidde, tæringssjuke og utsvelta menn, og slik altså falle tilbake i idealismen akkurat på det punktet der den kommunistiske materialisten ser det nødvendige i, og føresetnaden for, ei endring både av industrien og den samfunnsmessige oppdelinga.²⁰

Så langt som Feuerbach er materialist førekjem ikkje historia for han, og i den grad han trekk historia inn i vurderinga, er han ikkje materialist. Med han fell materialismen og historia heilt frå kvarandre, eit faktum som elles følgjer av det som er blitt sagt til no.

/11/²¹ Sidan vi har med tyskarar å gjøre, som er heilt utan føresetnader, må vi begynne med å slå fast den første føresetnaden for all menneskeleg eksistens og dermed også for all historie, nemleg føresetnaden at menneska må vere i stand til å leve, kunne "lage historie".²² Men for å leve treng vi før alt anna mat og drikke, bustad, klede og endå noen andre ting. Den første historiske handlinga er altså å frambringe middel for å tilfredsstille desse behova, produksjonen av det materielle livet sjølv. Og dette er verkeleg ei historisk handling, ein grunnleggande føresetnad for all historie som må vere tilstades i dag, som for tusenvis av år sidan, som kvar dag og kvar time må oppfyllast bare for å halde menneska i live. Sjølv når den sanselege verda er redusert til eit minimum, til ein stokk som hos Sankt Bruno, føreset

¹⁹ Spontan skaping.

²⁰ Nær begge dei siste to setningane skrev Marx: Feuerbach.

²¹ Marx over den høgre spalta: Feuerbach

²² I høgd med denne setninga skrev Marx i den høgre spalta: *Hegel. Geologiske, hydrografiske osb. forhold. Menneskekroppane. Behov, arbeid.*

dette den verksemda det er å produsere denne stokken. Derfor må vi innan kvart einaste historiesyn først av alt begynne med å observere dette grunnleggande faktumet med heile tydinga si og i si fulle utstrekning, og la det komme til sin rett. Dette har som kjent tyskarane aldri gjort, og derfor har dei aldri hatt eit *jordisk* grunnlag for historia og som følgje av dette har dei heller ikkje hatt noen historikar. Sjølv om dei har oppfatta samanhengen mellom denne kjennsgjerninga og historia på ein svore einsidig måte, særleg så lenge dei var i garna til den politiske ideologien, har franskmenne og engelskmennene ikkje desto mindre gjort dei første forsøka på å gi historieskrivinga eit materialistisk grunnlag ved å vere dei første til å skrive historia til det borgarlege samfunnet, handelen og industrien.

Det andre poenget er /12/ at tilfredsstillinga av det første behovet, handlinga å tilfredsstille og reiskapen som har blitt skaffa for å tilfredsstille, fører til nye behov – og denne skapinga av nye behov er den første historiske handlinga. Med dette syner straks den andelege arven til tyskarane sin store historiske visdom seg. Når dei ikkje har noe positivt materiale og ikkje kan komme opp med noe teologisk eller politisk eller litterært sludder, så hevdar dei at dette ikkje er historie i det heile tatt, men "førhistorisk tid". Dei opplyser oss derimot ikkje om korleis vi kjem vidare frå denne meiningslause "forhistoria" til den eigentlege historia. På den andre sida er det slik at dei, trass dette, særlig grip til denne "forhistoria" i dei historiske spekulasjonane sine fordi dei trur seg trygge for innblanding frå "rå kjennsgjerningar" der, og fordi dei samstundes kan gi den spekulativa drifta sin frie tøymar og sette opp og forkaste tusenvis av hypotesar.

Den tredje forholdet som på same grunnleggande måte trer inn i den historiske utviklinga, er det at menneska, som daglig fornyar sine eigne liv, begynner å lage andre menneske, å forplante seg - forholdet mellom mann og kvinne, foreldre og barn, *familien*. Denne familien, som til å begynne med er det einaste sosiale forholdet, blir seinare, når dei auka behova skaper nye samfunnsmessige forhold og auka folketal skapar nye behov, til eit underordna forhold (utanom i Tyskland), og han må deretter bli behandla og utvikla ut frå dei eksisterande empiriske data og ikkje ut frå "omgrepet familie" slik som dei pleier å gjøre i Tyskland. Elles må vi sjølv sagt ikkje oppfatte desse tre sidene av sosial verksemd som tre forskjellige trinn, men berre som tre sider, eller for å gjere det klart for tyskarane, tre "moment", som har eksistert sidan historia tok til, ja like sidan dei første menneska eksisterte, og som ennå i dag gjer seg gjeldande i historia.

Produksjonen av livet, både av eins eige i gjennom arbeid og av framand gjennom avl, står no fram som eit dobbelt /13/ forhold - på den eine sida som eit naturlig, på den andre sida som eit samfunnsmessig forhold - samfunnsmessig i den meinингa at det blir forstått som samvirke mellom fleire individ, utan at det spelar noen rolle under kva slags vilkår, på kva slags måte det skjer eller kva som er formålet med det som skjer. Av dette går fram at ein bestemt produksjonsmåte eller eit industrielt nivå alltid heng saman med ein bestemt måte å samvirke på eller med eit bestemt samfunnsmessig utviklingstrinn, og at denne måten å samvirke på i seg sjølv er ei "produktivkraft", at mengda av dei produktivkretene som menneska har tilgang til, bestemmer vilkåra for den samfunnsmessige tilstanden og at "historia til menneskeslekta" derfor alltid må bli studert og handsama i samanheng med historia til industrien og byttehandelen. Men det er også klart kvifor det er umogeleg å skrive denne type historie i Tyskland, ikkje berre fordi tyskarane har forlate (abgeht) fatteevna og materialet, men også den "sanselege vissa" som må til for å gjøre det, og at dei på andre sida av Rhinen ikkje kan oppnå noen erfaring med desse sakene sidan historia ikkje går vidare (nicht vor geht) der. Heilt frå starten av viser det seg altså å vere ein materialistisk samanheng mellom menneska, på grunnlag av behova og produksjonsmåten deira og som er like gammal som

menneska sjølve. Dette er ein samanheng som tar stadig nye former, og gir på denne måten ein "historie" også utan at det eksisterer eit eller anna politisk eller religiøst nonsens som skulle halde menneska ekstra saman.

Først no etter at vi allereie har sett på fire moment, fire sider av opphavlege, historiske forhold, finn vi at mennesket også har "medvit".²³ Men heller ikkje dette er gitt på førehand som "reint" medvit. "Ånda" har frå starten av /14/ den forbanninga i seg å vere "hefta" med materie, som her opptrer i form av luftlag i rørsle, tonar, kort sagt som språk. Språket er like gammalt som medvitet, språket *er* det praktiske medvitet som eksisterer også for andre menneske, også for meg sjølv som det første eksisterande, verklege medvitet mitt og språket oppstår, slik som medvitet, først ut frå behovet, den nødvendige trøngen til samkvem med andre menneske. <Forholdet mitt til omgjevnadene er medvitet mitt.> Der det eksisterer eit forhold, eksisterer det for meg; dyret "*har ikkje forhold*" til noen ting,²⁴ og ikkje i det heile tatt. For dyret eksisterer ikkje forholdet sitt til andre som eit forhold. Medvitet er derfor, altså allereie frå begynninga av, eit samfunnsmessig produkt, og fortsetter å vere det så lenge menneska eksisterer.

Først er medvitet sjølvsagt berre²⁵ medvit om det nærmeste, sanselege omlandet og om det avgrensa sambandet med andre personar og ting utanfor individet som begynner å bli medvitent om seg sjølv. På same tid er det medvit om naturen, som i første omgang står framfor menneska som ei fullstendig framand, allmektig og uangripeleg kraft, som menneska held seg reint dyrisk til og som dei lar seg imponere av som krøter; det er derfor eit reint dyrisk medvit om naturen (naturreligion) – nettopp fordi naturen nesten ikkje er modifisert av historia,²⁶ på den andre sida er medvit om at det er naudsynt å komme i kontakt med individua rundt starten på eit medvit om at han i det heile lever i eit samfunn. Denne begynninga er like dyrisk som det samfunnsmessige livet på dette utviklingstrinnet. Det er reint flokkmedvit, og på dette punktet skil mennesket seg frå sauane berre ur frå det faktumet at hos han tar medvitet plassen til instinktet eller at instinktet hans er eit medvite instinkt. Vi ser her straks: Denne naturreligionen eller dette bestemte forholdet til naturen er vilkårsbestemt gjennom samfunnsforma og omvendt. Her som over alt trer identiteten mellom menneske og natur også slik fram at det avgrensa forholdet som mennesket har til naturen bestemmer vilkåra for dei avgrensa forholda til kvarandre og dei avgrensa forholdet som dei har til kvarandre bestemmer det avgrensa forholdet til naturen.²⁷ Dette saueflokk- eller stammemedvitet blir utvikla og utstrekta vidare gjennom auka produktivitet, fleire behov, og det som er grunnlaget for begge desse,/15/ auke i folketalet. Med dette utviklar arbeidsdelinga seg, som opphavleg ikkje var noe anna enn arbeidsdelinga i kjønnsakta, sidan arbeidsdeling som blir mulig ut frå naturlige eigenskapar (t.d., fysisk styrke), behov, tilfelle, osb., osb. altså som har oppstått av seg sjølv eller som har "vakse fram av naturen"). Arbeidsdelinga blir først verkeleg arbeidsdeling frå det augeblikket av då skiljet mellom materielt og åndeleg arbeid oppstår.²⁸

²³ Marx set ein strek på denne plassen og noterer ved den i høgre spalte: *Menneska har historie fordi dei må produsere liva sine, og også [?] på bestemte måtar: dette er gitt gjennom den fysiske organiseringa deira; akkurat som medvitet deira.* [Ordet i [?] er vanskelig å tyde. MEGA og MEA tyder det som *müssen = må;* Landshut gir ikkje noen tyding.]

²⁴ Over nichts = ingen ting skreiv Marx mellom linjene: *nicht für sich u. zu an[deren] = ikkje for seg og til andre.*

²⁵ Landshut: *bloss sinnliches Bewusstsein:* Manuskriptet: som ovanfor.

²⁶ Setninga som er skoten inn frå *eben til ist* er føydd til av Marx; eit teikn som skal vise kor setninga skal inn, men som ikkje er eintydig, seier at det er sannsynlig at setninga skal inn her.

²⁷ Begge dei to siste setningane frå *Man sieht til bedingt.* skreiv Marx i den høgre spalten og viste med eit tilvisningsteikn som ikkje er eintydig, at det er sannsynlig at dei skal inn her. MEGA og MEA har ein annan tekstrekkefølgje; samanlikn MEGA I, 5, side 20.

²⁸ I høgd med denne setninga Marx i høgre spalte: *Første form av ideologar, prestane, fell saman.*

Frå denne augeblinken *kan* medvitet verkeleg innbille seg at det er noe anna enn medvitet til den eksisterande praksisen, at den verkeleg kan førestelle noe utan å førestelle noe verkeleg – frå denne augneblinken av er medvitet i stand til å frigjere seg frå verda og gå over til då denne "rein" teori, teologi, filosofi, moral, osb. Men sjølv når denne teorien, teologien, filosofien, moralen, osb. kjem i motsetnad til dei eksisterande forholda, så kan dette berre skje gjennom at dei eksisterande samfunnsmessige forholda har komme i motstrid til dei eksisterande produktivkrefte – noe som elles kan skje, i ein bestemt nasjonal krins²⁹ av forhold, på den måten at Motsetnaden ikkje finn stad innafor det nasjonale krinsen, men innfinn seg mellom det nasjonale medvitet og praksisen til andre nasjonar, dvs. mellom det nasjonale medvitet og det allmenne medvitet til ein nasjon (slik som det no skjer i Tyskland); fordi denne motsetnaden tilsynelatande ser ut til å vere ein motsetnad innan det nasjonale medvitet og fordi denne motsetnaden tilsynelatande bare trer fram som ein motsetnad innan det nasjonale medvitet, avgrensar denne nasjonen då kampen til denne na /16/<sjonale skiten sjølv når denne nasjonen i og for seg er denne skiten.>³⁰

Det kan elles vere det same kva medvitet tar til å gjøre på eiga hand: ut av alt dette skrapet får vi berre det ein resultatet at desse tre momenta, produktivkrafta, den samfunnsmessige tilstanden og medvitet, kan og må komme i motsetnad til kvarandre fordi *arbeidsdelinga* har gjort det mogeleg, ja også verkeleggjort at åndeleg og materiell verksemd,³¹ at nyting og arbeid, produksjon og forbruk fell på forskjellige individ, og det einaste som kan gjøre det mogeleg for desse å ikkje komme i motsetnad til kvarandre, ligg i å oppheve arbeidsdelinga igjen. Det seier seg dessutan sjølv at "spøkelse", "band", "høgare vesen", "omgrep", "skruplar", rett og slett er idealistiske åndelege uttrykk, dei tilsynelatande førestellingane til det isolerte individet, førestillingar med kraftige empiriske band og avgrensingar som produksjonsmåten av livet og den samkvemsforma som heng saman med dette, rører seg innanfor. <Dette idealistiske uttrykket for dei beståande økonomiske skrankane er ikkje aleine til stades reint teoretisk, men også i det praktiske medvitet, det vil seie at det medvitet som frigjør seg og er komme i motsetnad til den beståande produksjonsmåten ikkje bare dannar religion og filosofi, men også statar.>³²

Med delinga av arbeidet, der alle desse motsetnadane er gitt og som på si side igjen skuldast den arbeidsdeling som er naturlig vokse fram i familien og delinga av samfunnet i enkelte familiær som står mot kvarandre, finn vi samstundes at *fordelinga* og den så vel kvantitativt som kvalitativt *ulike* *fordelinga* av arbeidet og produkta frå det er gitt,

²⁹ Nær her, i den høgre spalten, i Marx si handskrift: *Religion. Tyskarane med ideologien i seg sjølv.*

³⁰ Teksten i <> er stroken ut i manuskriptet.

³¹ Nær dette er følgjande som er stroke av Marx: *Verksemd og tenking, dvs. tankelaus verksemd og tanke utan handling.*

Herifrå finns bare ein kladd med tekst i spaltar på venstre og høgre side av arket. Her set vi det opp på same måte som i manuskriptet. Omsettarens merknad.

altså at eigedommen /17/ allereie har kimen, den første forma si, i familien der kona og ungane er mannen sine slavar. Dette rett nok svært råe, latente slaveriet i familien, er den første eigedommen, som elles svarar fullkomme til den definisjonen som dei moderne økonomane har, for ifølge den er det råderett over framand arbeidskraft. Vidare, med arbeidsdelinga er også gitt motsetnaden mellom interessene til det enkelte individet eller den enkelte familien og dei felles interessene til alle individua som har samkvem med kvarandre. Og slik fins denne felles interessa ikkje berre i fantasien, som "allmenn", men først av alt i verkelegheita, som den innbyrdes avhengigheita til individua som arbeidet er delt imellom. Og endelig gir delinga av arbeidet oss det første dømet på at mennesket sine eigne handlingar blir til ein framand, motståande makt som undertrykker det, i staden for at mennesket herskar over dei, så lenge som mennesket finn seg i samfunn som har vakse naturlig fram, så lenge delinga mellom den særeigne og felles interessa fins, så lenge verksemda ikkje er delt frivillig, men slik han har vakse fram av naturen. Så lenge arbeidet nemlig tar til å bli fordelt,

Elles er arbeidsdeling og privat eigedomsrett identiske uttrykk – i det eine uttrykket er same sak stadfesta med omsyn på verksemd som er stadfesta i det andre med omsyn på produktet av verksemda.

Ut av nett denne motsetnaden mellom den særeigne og den felles interessa tar den felles interessa ei sjølvstendig form som stat, skild frå dei verkelege individuelle og felles interessene og også som eit illusorisk fellesskap, men likevel alltid på det verkelege grunnlag av band som er for handa i kvar familie- og stammesamskipnad - som kjøt og blod, språk, arbeidsdeling i stor skala og andre/tidlegare interesser - og særlig, som vi skal seie meir om seinare, på {det verkelege grunnlag av} klassar som allereie er vilkårsbestemt av arbeidsdelinga, som i alle

har einkvar ein bestemd krins av verksemd som blir tvinga på han; han er jeger, fiskar eller gjetar eller kritisk kritikar og må fortsette å vere det, viss han ikkje vil misse livsmidla sine – mens i det kommunistiske samfunnet, der ingen har ein eineståande krets av verksemd, men kan utdanne seg i alle dei greinene han likar, der samfunnet regulerer den felles produksjonen og dermed gjør det mulig for meg å gjøre noe i dag og noe anna i morgon, å jakte om morgonen, å fiske om ettermiddagen, å passe feet om kvelden, å kritisere etter middag,* slik eg må ha lyst til, utan å bli jeger, fiskar, gjetar eller kritikar.

*Landshut: auch das Essen = middagen også

slike menneskemassar skil seg ut, og der ein {klasse} herskar over alle dei andre. Det følgjer av dette at alle kampar innan staten, kampen mellom demokrati, aristokrati og monarki, kampen om stemmeretten osb., osb., ikkje er noe anna enn dei illusoriske formene* som den verkelege kampen mellom dei forskjellige klassane blir ført innanfor - i det heile er den allmenne interessa den illusoriske forma av felles interesser . (Dette har dei tyske teoretikarane ikkje den minste ide om, sjølv om dei har fått nok innføring i emnet i "Tysk-franske årbøker" og "Den heilage familien".) Vidare følgjer det at kvar klasse som strever etter å herske først må ta den politiske makta for å representera interessene sine som den allmenne interessa, noe som han er tvinga til gjøre frå første augneblink og noe som gjeld sjølv om denne klassen sitt herredømme, slik det er tilfelle med proletariatet, føreset opphevinga av heile den gamle samfunnsforma og herredømme i det heile. Sjølv om individua bare søker sine eigne interesser som ikkje fell saman med fellesskapsinteressene deira, blir dette gjort til ei interesse som er "framand" for og

Her skreiv Engels mellom spaltene:
Überhaupt das Allgemeine illusorische Form des Gemeinschaftli[chen] = Over hovudet den allmenne illusoriske forma for fellesskapen.

/18/ Denne styrkninga av samfunnsmessig verksemd, denne konsolideringa av vårt eige produkt til ei tinglig makt over oss, som gror ut av kontrollen vår, som hindrar forventningane våre, som øydelegg planane våre, er eit av dei viktigaste momenta i den historiske utvikling fram til no.

[utstroken tekst]

Den samfunnsmessige makta, dvs. den mangedobla produksjonskrafta,

"uavhengig" av dei, som igjen blir gjort gjeldande som ei særskild og særmerkt "felles"-interesse, eller dei må sjølv røre seg i denne todelinga,* slik det er i demokratiet. På den andre sida gjør også den *praktiske* kampen til desse *verkelige* særinteressene, som står mot fellesskapsinteressene og dei illusoriske fellesskapsinteressene og meklinga mellom og tyglinga av dei, den illusoriske *felles*interessa som stat naudsynt.

Kommunismen er ikkje for oss ein tilstand som vi skal framstelle, eit ideal som verkelegheita [vil] måtte rette seg etter. Vi kallar kommunisme den verkelege rørsla som opphevar den neverande tilstanden. Vilkåra for denne rørsla gir seg ut frå dei føresetnadene som fins no.**

*MEGA, Landshut: *begegnen* = møte/treffe/støte på

**Det avsnittet som tar til med *Der Kommunismus = kommunismen* er i manuskriptet utheva med ein strek langs sida. Eit innskotsteikn der det skulle inn i den samanhengande teksten, manglar.

som oppstår gjennom den samverknaden mellom forskjellige individ som er vilkårsbestemt av delinga av arbeidet ser ut for individua, fordi samverknaden sjølv ikkje er frivillig, men vokse fram naturlig, ikkje som deira eiga sameinte makt, men som ei framand makt som står utanfor dei og som dei ikkje veit frå eller til om, som dei altså ikkje meir kan styre, som tvert imot går gjennom* ei rekke merkelige fasar og utviklingstrinn som er uavhengig av vilja og handlinga til menneska, ja som styrer desse. Korleis ville elles til dømes eigedommen hatt ein historie i det heile, ha tatt ulike former. Og korleis ville jordeigdommen til dømes, ut frå dei forskjellige gitte vilkåra, ha utvikla seg i Frankrike

*Manuskriptet: *durchlaufen*= gå gjennom; skrivefeil av Engels?

*Denne "framandgjeringa" ["Entfremzung"] (for å bruke eit omgrep som filosofane kan skjøne), kan sjølvsagt berre bli avskaffa dersom to praktiske føresetnader opnar seg. For at han skal bli ei "utoleleg" makt, dvs., ei makt som menneska gjer revolusjon mot, høyrer det at han har gjort den store mengda av menneska "eigedomslause", og dertil i motsetnad til ei eksisterande verd av velstand og danning; begge desse føreset ei stor auke i produktivkrafta, eit høgt nivå i utviklinga av den. Og på den andre sida er denne utviklinga av produktivkrefte (og den føreliggande [vorhandnen] empiriske eksistensen til menneska i deira verdshistoriske, i staden for lokale tilstadeveren [Dasein] allereie gitt samstundes med dette) ein heilt nødvendig praktisk føresetnad, for utan dette blir

*Framfor *Diese Entfremzung=Denne framandgjøringa* sette Marx ein kross, som samsvarar med ein kross i den venstre spalta etter ... *Entwicklungsstufen durchläuft=går gjennom utviklingstrinn*. Openert ville Marx føye teksten som tok til med *Denne framandgjøringa* inn i teksten i den venstre spalta. Fordi den etter lengda og tankegongen dannar ei sjølvstendig setning som ville ha brote opp rekkefølgja i teksten i venstre spalte, holdt vi og her på å ei tekstordning i spalter.

frå parsellering til sentralisering i hendene på nokre få, i England frå sentralisering i hendene på nokre få til parsellering, slik saka faktisk er i dag? Eller korleis kan det skje at handel, som trass alt ikkje er noe meir enn bytte av produkt mellom diverse individ og land, regjerer over heile verda gjennom forholdet mellom tilbod og etterspurnad - eit forhold som, slik ein engelsk økonom seier det, svever over jorda lik skjebnen i den antikke verda, og med ei usynlig hand deler ut lykke og ulykke til menneska, set opp verdsrike

mangelen rett og slett allmenngjort, og med trond skapt av naud vil kampen for det naudsøyte begynne att, og heile den gamle skiten vil bli oppretta att. Dessutan er det slik at eit universelt samkvem mellom menneska berre sett seg med denne universelle utviklinga av produktivkraftene. Det er også derfor fenomenet med den "eigedomslause" masse oppstår samtidig i alle nasjonar (universell konkurranse), og det gjer kvar nasjon avhengig av omveltingar i dei andre,* og endelig har det sett verdshistoriske, empirisk universelle individ i staden for dei lokale. Utan dette ville 1) kommunismen berre eksistere som eit lokalt fenomen; 2) kraftene til samkvemmet sjølv ikkje ha utvikla seg som universelle, derfor utolelege makter, dei ville fortsette å vere heimlig-overtruske "omstende" og 3) kvar utviding av samkvemmet ville oppheve den lokale kommunismen. Empirisk er kommunismen berre mogeleg som handlinga til dei herskande folka "på ein gong" og** på same tid, og det føreset den universelle utviklinga av produktivkrafta og det verdssamkvemmet som heng saman med det.***

*Landshut: *Umwälzungen*
abhängig=avhengig av omveltingar; i manuskriptet: som ovanfor.

**MEGA: *oder=eller*.

***Landshut: *ihr=dei*.

/19/ og gjer til inkjes verdsrike, fører til vekst og fall for folk/nasjonar [Volk] - mens makta mellom tilbods- og etterspurnadsforholdet er oppløyst til ingenting med opphevinga av grunnlaget, privat eide dom, med kommunistisk regulering av produksjonen (og innebygd i dette, opphevinga av den framande haldninga [Fremdheit] menneska har til sitt eige produkt), og med at menneska endå ein gong tar kontroll over bytte, produksjon og måten dei opptrer ovafor kvarandre på?

Den samkvemsforma som er vilkårsbestemt av dei produktivkraftene som er for handa ut frå alle tidlegare historiske avsnitt, og som i sin tur bestemmer vilkåra for desse, er det *sivile samfunnet*. Dette sistnemnde, som det går klart fram ut frå det vi har sagt ovanfor, har den enkle familien

Kommunisme*

Dessutan, den mengda av arbeidrar som ikkje er noe anna enn arbeidrar - arbeidskraft i massevis som er skild frå kapital eller til og med frå ei avgrensa tilfredsstilling (av behova sine)** og dermed den fullstendig utrygge posisjonen dei har, det at dei ikkje gjennom konkurransen skal miste arbeidet midlertidig som sikra kjelda til livsopphald (den heilt prekære tilstanden)*** - føreset verdsmarknaden. Proletariatet kan derfor berre eksistere verdshistorisk, nett som kommunismen, aktiviteten deira kan berre ha ein "verdshistorisk" eksistens. Individua sin verdshistorisk eksistens, dvs., eksistens til individ som er direkte knytt saman med verdshistoria.****

*Marx skreiv ordet *Kommunismus=kommunisme* over teksten i den høgra spalten, kanskje for å antyde at den framheva teksten om kommunisme på første sida skulle innordnast her.

**Orda frå Marx som står i parentes på denne plassen er skriven mellom spaltene.

***Skrive av Marx mellom spaltene utan tilvisning.

****Landshut: *Geschichte*; i manuskriptet som ovanfor.

og den samansette familien, kalla for stammen, som føresetnaden og grunnlaget sitt og den meir presise definisjonen av dette samfunnet er gitt i våre merknader ovanfor. Allereie her viser det seg at dette sivile samfunnet er det sanne sentrum og skodeplassen for all historie, og kor urimeleg den tidligare historieoppfatninga har vere, som overser dei verkelege tilhøva og avgrensar seg til høgtravande aksjonar frå leiarar og statar.

I hovudsak har vi så langt tatt i betrakting berre eit aspekt av menneskeleg aktivitet, menneska sin omarbeidingsa av naturen. Det andre aspektet, den omarbeidingsa menneska gjør av menneska.... Opphavet til staten og det tilhøvet staten har til det sivile samfunnet [...]*

Samkvem og produktivkraft

*Her bryt den samanhengande teksten av.

/20/ Historie er ikkje noe anna enn rekkjefølgja av einskilde generasjonar, der kvar brukar det materialet, dei kapitalfonda, dei produktivkrefte som blei overlevert til dei av alle føregåande generasjonar. Derfor fortsett dei, på den eine sida, den overleverte verksemda under heilt forandra omstende og på den andre sida modifiserer dei dei gamle omstenda med ei heilt forandra verksemrd. Dette lar seg bare bli spekulativt fordreia slik at seinare historie blir gjort til mål for tidlegare historie, t.d. at ein tillegg oppdaginga av Amerika det målet å hjelpe fram utbrotet av den franske revolusjonen. Historia får på denne måten sine aparte mål og blir "ein person ved sidan av andre personar" (kort sagt: "sjølvmedvit, kritikk, eineståande", osb.), medan det som dei skildra med orda "lagnad", [Bestimmung] "mål", "kime", "ide" i tidlegare historie, ikkje er noe meir enn ein abstraksjon frå seinare historie, ein abstraksjon frå den aktive påverknaden som den tidlegare historia utøvar på seinare historie.

Jo vidare dei einskilte kretsane, som verkar inn på kvarandre, vider seg ut i løpet av denne utviklinga og jo meir den opphavlege isolasjonen til dei skilte nasjonalitetane blir gjort til inkjes av den avanserte produksjonsmåten, av samkvem og av den naturlege framvakse arbeidsdelinga nasjonane imellom, jo meir vil historia bli verdshistorie. Derfor er det slik til dømes, at dersom det i England blir oppfunnen ein maskin som tar frå utallige arbeidrarar i India og Kina brødet, og snur opp ned på heile forma for eksistens til desse keisarrika, da blir denne oppfinninga eit verdshistorisk faktum. Eller igjen, ta saka med sukker og kaffi, som har prova sin verdshistoriske verdi i det nittande hundreåret med det faktumet at mangelen på desse produkta, forårsaka av Napoleons Kontinentale System, førte til at tyskarane /21/ reiste seg mot Napoleon, og på denne måten blei den verkelege basisen for dei storarta frigjeringskrigane i 1813. Av dette følger det at denne forvandlinga av historia til verdshistorie på ingen måte er noen slags rein abstrakt handling til "sjølvmedvitet", verdsanden, eller av noe anna metafysisk spørkelse, men ei heilt materiell, empirisk stadfesta handling, ei handling som kvart individ gir prov for slik som det kjem og går, et, drikk og kler seg.

I historia fram til i dag er det riktig nok like eins eit empirisk faktum at dei einskilde individua, med utvidinga av verksemda si til verdshistorisk verksemrd, har blitt stadig meir kua under ei makt som er framand for dei (eit press som dei føresteller seg som eit skittent triks frå den såkalla verdsanden, osb.), ei makt som har blitt stadig meir omfattande og, i siste instans, viser seg å vere ein *verdsmarknad*. Men denne makta, som er så mystisk for dei tyske teoretikarane, er akkurat så empirisk etablert at den vil bli oppløyst ved omstytinga av den eksisterande samfunnet gjennom ein kommunistisk revolusjon (meir om den seinare) og dermed den identiske opphevinga av privat eigedomsrett; og at så vil frigjeringa av kvart einskild individ bli fullført i den utstrekning som historia blir heilt omdanna til verdshistorie.³³ Av det som står ovanfor er det klart at den verkelege åndelige rikdommen til individet avhenger heilt av rikdommen av dei verkelege sambanda det har. Berre dette vil frigjere dei skilte individua frå forskjellige nasjonale og lokale barrierar, bringe dei i praktisk forbindelse med produksjonen (inklusiv åndelig produksjon) til heile verda og å sette dei i stand til å få evna til å glede seg over denne allsidige produksjonen på heile jorda (skapinga av menneska). Den *allsidige* avhengigheita, denne forma av det *verdshistoriske* samvirket til individua som har vokse fram på eit naturgrunnlag, vil bli omdanna av /22/ den kommunistiske revolusjonen

³³ På høgd med denne setninga skrev Marx i høgre spalte: "*Über die Produktion des Bewusstseins=om produksjonen av medvitet.*

til kontroll og medvitent herredømme over desse maktene, som er fødd av verksemda menneska imellom, men som til nå har skremt og herska over menneska som fullstendig framande makter for dei. Nå kan denne oppfatninga bli uttrykt igjen på ein spekulativ, idealistisk, dvs. fantastisk, måte som "sjølvskapinga til artane" ("samfunnet som subjekt") og dermed kan rekkja av individ som kjem etter kvarandre og står i samanheng med kvarandre bli oppfatta som eit einskild individ som fullfører mysteriet med å avle seg sjølv. I viser seg her at individua utan tvil skaper *kvarandre*, fysisk og åndelig, men skaper ikkje seg sjølv, verken i inkjevetta til Sankt Bruno, i følgje [...]³⁴

Til slutt får vi dei følgjande resultata frå den av historieoppfatninga som er utvikla: 1. I utviklinga av produktivkreftene kjem det til eit nivå der produktivkreftene og midla til samkvem/kommunikasjonsmidla har blitt utvikla slik at dei under dei eksisterande tilhøva, berre gjer skade, og ikkje lenger er produksjonskrefter, men øydeleggingskrefter (maskineri og pengar) – og noe som heng saman med det, at ein klasse blir skapt som må bere alle byrdene i samfunnet utan å nyte føremonene av det, som er driven ut av samfunnet/23/ og tvinga inn i den skarpaste motsetnad til alle andre klassar; ein klasse som dannar majoriteten av alle medlemmene i eit samfunn, ein klasse som medvit om ein naudsynt, ein fundamental revolusjon, eit kommunistisk medvit, kjem frå, ein synsmåte som sjølvsagt også dei andre klassene kan danne seg gjennom ved å skode³⁵ situasjonen til denne klassen.

2) at vilkåra som bestemte produksjonskrefter kan bli anvendt innan, er vilkåra for herreveldet til ein bestemte klasse i samfunnet,³⁶ der samfunnsmakta til han, som kjem ut frå eigedommen hans, har det praktisk-idealistske uttrykket sitt i den samtidige forma for stat og derfor må kvar revolusjonær kamp vere retta mot ein klasse som har hatt makta til då; 3) at forma for verksemde ikkje blei forandra i alle tidlegare revolusjonar og det var bare eit spørsmål om ulik fordeling av denne verksemda, ei ny fordeling av arbeidet til andre personar, mens den kommunistiske revolusjonen er retta mot den typen av verksemde som har eksisterande hittil, han avskaffar arbeidet og opphever herredømmet til alle klassar saman med sjølve klassane, fordi han er gjennomført av den klassen som ikkje lenger teller som ein klasse i samfunnet, som ikkje blir akseptert som ein klasse, og som i seg sjølv er uttrykket for opplysinga av alle klassar, nasjonalitetar, osb., innanfor det nåverande samfunnet; og 4. at endring av menneske i masseskala er nødvendig for skapinga i masseskala av dette kommunistiske medvit, og for gjennomføringa av saka i seg sjølv, eit skifte som bare kan gå føre seg i ei praktisk rørsle, ein *revolusjon*; at altså revolusjonen er nødvendig, ikkje bare fordi den *herskande* klassen ikkje kan bli styrt på noen annan måte, men også fordi den *styrtande* klassen bare kan halde frå livet all driten og bli skikka til å skape eit nytt samfunn gjennom ein revolusjon. <³⁷ Mens alle kommunistar i Franskrike som i England og Tyskland i lang tid har vere samd om at ein revolusjon er nødvendig drøymer den heilage Bruno rolig vidare og meiner at den "verkelige humanismen", dvs. kommunismen, blir sett "i staden for spiritualismen" (som ikkje har noen stad) når han vinn respekt. Han drøymer vidare at då må vel "frelsa komme, og jorda må bli til himmel og himmelen til jord". (Den som teologisk lærde kan framleis ikkje glømme himmelen.) "Så tonar i himmelsk harmoni glede og fryd frå æve til æve" (s. 140). Den hellige kyrkjefar vil nok undre seg mykje når den første dag, då alt dette blir oppfylt, bryt laus over han – ein dag der morgenrauden er atterskinet av brennande byar på himmelen, når marsaillaisen og carmagnolen utan tvil gjallar i øyrene hans under denne "himmelske harmoni", og giljotinen slår takta til; når den sinnsjuke "mengda" brøler, det går nok, det går

³⁴ Frå her til slutten av setninga: ... eller i tydinga det "eineståande" den "skapte" mennesket. er stroke ut.

³⁵ Landshut: *Auffassung=oppfatning*; manuskriptet: som ovafor.

³⁶ Her noterer Marx i høgre spalte: *At folk er interessert i å halde på den noverande produksjonstilstanden*.

³⁷ I Engels si paginering, {10} er den utstroke sida som her er sett i <> skreiv Marx: *Bauer=bonde*.

nok (http://fr.wikipedia.org/wiki/Ah_!_%C3%A7a_ira - omsettaren .) og opphevar "sjølvmedvitet" ved hjelp av lyktestolpane. Den heilage Bruno har bitte liten grunn til å teikne eit bilet med "fryd og glede frå æve til æve". Vi krev retten til å ha gleda av å konstruere korleis Sankt Bruno a priori vil te seg på dei første dagane. Det er også vanskelige å bestemme om proletarane i revolusjon skal bli oppfatta som "mengd/masse" som vil omstyrte kritikken, eller som "emanasjon" av ånda som imens forlatar den nødvendige konsistens for å kunne fordøye dei bond³⁸ske tankar.>

Denne historieoppfatninga bygger derfor på at vi framstiller den verkelege produksjonsprosessen, mens vi går ut frå den materielle produksjon som går direkte til å halde oppe livet sjølv, og oppfattar den produksjonsmåten som heng saman med han og den samkvemsforma som er skapt av han dvs., det borgarlege samfunnet på ulike trinn, som grunnlaget for heile historia; og så vel å framstille det i sin aksjon som stat som å forklare alle teoretiske produkt og former av medvit, religion, filosofi, moral osb., osb. ut frå det og å følgje skapnadsprosessen til desse ut frå det, og då kan vi også naturligvis framstille sakene i heilskapen sin (og derfor også vekselverknaden av desse forskjellige sidene på kvarandre).

Ho må ikkje, som den idealistiske historieoppfatninga, leite etter ein kategori i kvar periode, men blir heile tida ståande på det verkelege historiegrunnlaget; ho forklarar ikkje praksis ut frå ideen, men forklarar idéformasjonane ut frå den materielle praksisen, og kjem altså til den konklusjonen at alle former og produkt av medvitet ikkje kan bli løyst av mental kritikk, av oppløysing i "sjølvmedvit" eller forvandling til "skrømt", "spøkelse", "nykker", osb., men bare gjennom den praktiske omveltinga av dei verkelige samfunnsmessige tilhøva som dette idealistiske pjattet har komme frå – at det ikkje er kritikken, men revolusjonen som er den drivande krafta også i historia til religionen, filosofien og all annan slags teori.

Ho viser at historia ikkje sluttar med å løyse seg opp i "sjølvmedvit", eller i "ånd frå ånd", men at der på kvart trinn i ho fins eit materielt resultat, ein sum av produksjonskrefter, eit historisk skapt forhold til naturen og mellom individua seg imellom, som kvar generasjon får overlevert frå forgjengaren sin, ei mengde produksjonskrefter, kapitalar og omstende, som på den eine sida nok blir endra av kvar ny generasjon, men som på den andre sida også dikterer hans eigne livsvilkåra og gir dei ei bestemt utvikling, ein spesiell karakter - at omstenda altså like så mykje /25/ skaper menneska, som menneska skaper omstenda.

Denne summen av produksjonskrefter, kapitalar og former for samfunnsmessig samkvem, som kvart individ og kvar generasjon finn som noe gitt, er den verklige grunnen for det som filosofane har førestelt seg som "substans" og "menneskets vesen", som dei har opphøgd og kjempa mot, ein verkelig grunn som ikkje blir det minste forstyrra i verknadene sine og innverknaden sin på menneska si utvikling, sjølv om desse filosofane gjør opprør mot han som "sjølvmedvit" og "den einaste". Desse livsvilkåra, som dei ymse generasjonane finn, avgjør også om den revolusjonære skakinga, som gjentar seg i periodar i historia, vil vere sterkt nok til å styre om grunnlaget for alt beståande eller ikkje; og når desse materielle elementa for ei total omvelting, nemlig på den eine sida dei produktivkreftene som er for handa, på den andre side dannringa av ein revolusjonær masse, som ikkje bare gjør opprør mot enkelte vilkår i det tidligare samfunnet, men mot sjølve den tidligare "livsproduksjonen", mot "totalverksemda", som han bygger på - ikkje er til stade, så er det ganske likegyldig for den praktiske utvikling om ideen om denne omveltinga allereie har blitt forkrynt hundrevis av gonger - slik som kommunismens historie beviser.

³⁸ Over den høgre spalten av Marx: Feuerbach.

Heile historieoppfattinga fram til no har anten sett dette verkelige grunnlaget for historia fullstendig ut av betrakting eller den har bare sett på det som er utan samanheng med den historiske utviklinga. Historia må derfor alltid skrivast etter ein målestokk som ligg utanfor ho sjølv; den verkelege livsproduksjon trer fram som uhistorisk , mens det historiske synast som noe skild frå det alminnelige livet, noe ekstraoverjordisk. Menneska sitt forhold til naturen er dermed utelukka frå historia og det gjør at det blir skapt ei motsetnad mellom natur og historie. Derfor kunne denne oppfatninga ikkje sjå anna enn offisielle politiske hendingar, religiøse og i det heile tatt teoretiske kamper i historia, og i einkvar historisk epoke måtte ho dele denne epoken sin illusjon. Innbiller ein epoke seg til dømes at han blir bestemt av reint "politiske" eller "religiøse" motiv, endå om "religion" og "politikk" bare er former for dei verkelege motiva ho har, så godtar historieskrivarane denne meiningsa. Desse bestemte menneska si "innbilling", deira "førestilling" om den verkelege praksisen deira blir forvandla til den einaste bestemmande og aktive makta som herskar over og bestemmer desse menneska sin praksis. Når den råe forma som delinga av arbeidet opptrer i hos indarane og egyptarane, bring fram kastevesenet i deira stat og religion hos desse folka, så trur historikaren at kastevesenet /26/ må vere den makta som har brakt fram desse råe samfunnsformene. Mens franskmennene og engelskmennene i det minste heile fast ved den politiske illusjonen, som likevel står verkelegheita nærmest, så beveger tyskarane seg på den "reine ånda" sitt område og gjør den religiøs illusjonen til historias drivkraft. Den engelske historiefilosofien er den siste konsekvensen, ført fram til sitt "reinaste uttrykk", av heile denne tyske historieskrivinga, der det ikkje dreier seg om verkelege, ikkje ein gong om politiske interesser, men om reine tankar, som då også for den hellige Bruno måtte tre fram som ein rekke "tankar", der den eine eter opp den andre, der "sjølvmedvitet" til sist går under, og endå meir konsekvent for den heilage Max Stirner, som ikkje veit noe om heile den verkelege historia, for kven denne historiske utviklinga måtte ta seg ut som ei rein og skjær "riddar"-røvar- og spøkelseshistorie, som han bare klarar å redde seg frå visjonane av ved hjelp av "usaligheita" .³⁹ Denne oppfatninga er verkelig religiøs, den føreset det religiøse menneske som urmennesket, som all historie går ut frå, og i innbillinga si set ho den religiøse fantasiproduksjonen i staden for den verkelege produksjonen av livsmiddel og av sjølve livet.

Heile denne historieoppfattinga og oppløysinga hennar og dei skruplane og den twilen dette skaper, er ei reint *nasjonal* sak for tyskarane og har bare *lokal* interesse for Tyskland, som til dømes det viktige spørsmålet som nett er blitt handsama fleire gongar: korleis du no eigentlig skal "komme frå gudsriket til menneskeriket", som om dette "gudsriket" noen sinne har eksistert andre stader enn i innbillingsa og som om dei høglærde herrane ikkje heile tida, utan å vite det, levde i "menneskeriket", som dei nå søker vegen til, og som om den vitskapelige morskapsen – for anna er det ikkje – å forklare denne teoretiske skydotten av merkelige forhold utan verdi, ikkje tvert imot ligg i at vi undersøker opphavet deira i dei verkelige, jordiske forholda. I det heile tatt dreier det seg hos desse tyskarane alltid om å oppløyse det neverande nonsens i /27/ ei eller anna ny grille, dvs. å føresette at heile dette nonsens overhovudet har ei spesiell *meining* som vi bør finne ut av, mens det bare gjeld om å forklare alle desse teoretiske frasane ut frå dei beståande, verkelege forholda. Den verkelege, praktiske oppløysinga av desse frasane, fjerninga av desse førestellingane frå menneska sitt medvit, blir, som allereie nemnd, sett i verk av dei endra omstenda og ikkje av teoretiske avleiringar. For den store massen av menneske, dvs. proletariatet, eksisterer desse teoretiske førestellingane ikkje, for dei behøver dei altså heller ikkje at oppløysast, og viss denne massen noen sinne hadde teoretiske førestellingar, f.eks. religion, så er dei no allereie for lengst oppløyst av omstenda.

³⁹ I høgd med denne setninga noterer Marx i høgre spalte: *Den såkalla o b j e k t i v e historieskrivinga består nett i å oppfatte dei historiske forholda skild frå verksemda. Reaksjonær karakter.*

Det reint nasjonale ved desse spørsmåla og løysingane viser seg dessutan i, at desse teoretikarane i full alvor trur at hjernespinn som "gudsmennesket", "mennesket" osb. skulle ha stått i spissen for enkelte periodar i historia – den hellige Bruno går til og med så langt som til å påstå, at bare "kritikken og kritikarane skulle ha skapt historia" – og når dei sjølv gir seg i gang med historiske konstruksjonar, spring dei i største hast over alt tidligare og går frå "mongolstyret" straks over til den eigentlig "innhaldsrike" historia, nemlig historia frå "Hallische" og "Deutsche Jahrbücher" og til oppløysing av den hegelske skolen i et allminnelig krang. Alle andre nasjonar, alle verkelige hendingar blir glømt, verdsskodeplassen innskrenkar seg til bokmessa i Leipzig og dei innbyrdes stridane mellom "kritikken", mennesket" og "den Einaste". Når teorien kanskje en sjeldan gang gir seg i gang med å behandle verkelige historiske emne, som til dømes det 18. hundreåret, så gir dei bare historia til førestellingane, lausrive frå de kjensgjerningar og praktiske utviklingar som ligger til grunn for dei, og også det skjer bare i den hensikt å framstille denne tida som eit ufullkomme, tidligare trinn, som den ennå avgrense forløparen for den sanne historiske tida, dvs. tida for den tyske filosofstriden 1840-1844.

Til dette formålet – å skrive ei tidligare tids historie for å la ein uhistorisk person sitt ry og sine fantasiar lyse desto klarere - at man slett ikkje omtalar alle verkelege historiske hendingar, sjølv ikkje politikkens verkelege historiske inngrep⁴⁰ i historia, og i staden serverer ei forteljing, som ikkje bygger på studiar, men på konstruksjonar og litterære sladderhistorier – slik som det skjedde med den heilage Bruno i hans, nå glømte, "Det 18. hundreårets historie". Desse høgtravande og storsnuta tankekremmarar, som trur dei er uendelig langt oppheva over alle nasjonale fordomar, er altså i praksis enno mykje meir nasjonale enn dei ølfistarane, som drømmer om Tysklands einskap. Andre folks dådar anerkjenner dei slett ikkje som historiske, dei lever i Tyskland, til Tyskland /28/ og for Tyskland, dei omdannar rhinsongen til ein geistlig salme og erostrar Alsace og Lorraine, i det dei stel frå den franske filosofien i staden for frå den franske staten, germaniserer franske tankar i staden for franske provinsar. Hr. Venedey er verdsborgar i samanlikning med den hellige Bruno og Max, som i teoriens verdsherredømme proklamerer Tysklands verdsherredømme.

⁴¹ Det viser seg også i desse debattane, kor mykje Feuerbach tar feil, når han (i "Wigands Vierteljahresschrift" 1845, bd. 2) i kraft av kvalifikasjonen "allmennmenneske" erklærer seg for kommunist, forvandla til eit predikat av "mennesket", ⁴² dvs. når han trur at han kan forvandle ordet "kommunist" att, som i den eksisterande verda er nemninga på tilhengaren av eit bestemt revolusjonært parti, til en rein og skjær kategori. Heile Feuerbachs avleiring når det gjeld menneskas forhold til kvarandre går bare ut på å bevise, at menneska har bruk for kvarandre og *alltid har hatt det*. Han vil etablere medvitet om denne kjensgjerninga, han vil altså, liksom dei andre teoretikarane, frambringe eit riktig medvitet når det gjeld eit beståande faktum, mens det for den verkelege kommunisten kjem an på å omstyrte dette bestående. Eller erkjenner vi fullt ut, at Feuerbach, når han prøver å frambringe medvitet om nettopp denne kjensgjerninga, går så vidt som ein teoretikar overhovudet kan gå, utan å halde opp med å vere teoretikar og filosof. Men det er karakteristisk at den heilage Bruno og den heilage Max straks set Feuerbachs førestelling om kommunist i staden for den verkelege kommunisten; det skjer til dels fordi dei på den måten også kan kjempe mot kommunismen som "ånd av ånda", som filosofisk kategori, som en jamverdig motstandar – og frå den hellige Brunos side også ut frå pragmatiske interesser. Som eit eksempel på den godkjenning og også misforståing av det bestående, som Feuerbach stadig vekk deler med våre motstandarar, minner vi om dette

⁴⁰ Landshut: Ereignisse der Politik in der=politiske hendingar i ; manuscriptet: som ovanfor

⁴¹ Over dette avsnittet som er skrive i den høgre spalten i Marx handskrift: *Feuerbach*.

⁴² Landshut: "das Mensch".

avsnittet i "Framtidas filosofi", kor han påviser, at tilveret til ein ting eller eit menneske også er vesenet til det, at eit dyrisk eller menneskelig individ bestemte leveforhold, levevis og verksemd er det som individets "vesen" føler seg tilfreds med. Her blir uttrykkelig kvart unnatak oppfatta som eit uheldig tilfelle, som ein abnormitet, som ikkje kan endras. Viss altså millionar av proletarar ikkje føler seg tilfreds, viss "tilveret" deira ikkje i det heile tatt motsvarer "vesenet" deira, då må dette, ut frå det omtalte sitatet, vere ei uunngåelig ulykke, som dei rolig må leve med. Imens tenkjer desse millionane av proletarar eller kommunistar, derimot svore annleis og vil prove dette i si tid, når dei bring "tilveret" sitt i harmoni med "vesenet" sitt på ein praktisk måte, gjennom ein revolusjon. I slike saker snakkar Feuerbach derfor ikkje om menneskeverda, men flyktar ut i den ytre naturen, og særleg i *den naturen* som ennå ikkje er blitt lagt under menneska sin kontroll. Men med kvar ny oppfinning, kvart framsteg i industrien, blir endå eit stykke lausrive frå dette området, og den grunnen krympar stadig der eksempel på slike feuerbachske forslag veks fram på.. "Vesenet" til fisken er "tilveret" hans, vatn – for å halde oss til denne eine setninga. "Vesenet" til ein ferskvassfisk er vatnet i ei elv. Men det siste sluttar med å vere "vesenet" til fisken, og er ikkje lenger eit passande medium til å eksistere i, så snart som elva har begynt å tene industrien, så snart som ho er forureina av farge og andre avfallsprodukt og navigert av dampbåtar, eller så snart som vatnet i han er leia inn i grøfter der enkel drenering kan ta frå fisken det mediet han treng for å eksistere. Denne forklaringa på at alle slike motseiingar som er uunngåelig utanfor alle reglar skil seg ikkje vesentlig frå den trøysta som Sankt Max Stirner tilbyr dei utilfredse, ved å seie at denne motseiinga er deira eiga motseiing og at denne dårlige situasjonen er deira eigen situasjon som dei anten kan roe seg ned med, eller halde motvilja mot for seg sjølv, eller oppøse seg over på ein eller annan fantastisk måte. Dette skil seg bare så lite frå Sankt Brunos skulding om at desse uheldige forholda kjem av det faktumet at dei det gjeld sit fast i mørkka av "substans", og ikkje har nådd fram til "absolutt sjølvmedvit", og ikkje har erkjent at desse skadelege forholda er ånda til deira eiga ånd.

/1/ Vi skal sjølvsagt ikkje ta bryet⁴³ med å forklare dei vise filosofane våre at "frigjering" av "menneska" ikkje har teke eit einaste steg frametter når dei reduserer⁴⁴ filosofi, teologi, substans og alt dette tullet til "sjølvmedvit" og at "menneska" ikkje blir frigjord⁴⁵ frå herredømmet til desse frasane⁴⁶ fordi dei aldri har vere slavebundne av dei. Heller ikkje skal vi forklare for dei at det er mogeleg å oppnå verkeleg frigjering berre i ei verkeleg verd med verkelege middel, at slaveri ikkje kan bli avskaffa utan dampmaskinen og spinnejenny, at liveigenskap ikkje kan bli avskaffa utan forbetra jordbruk, og at folk generelt ikkje kan bli frigjord så lenge dei ikkje er i stand til skaffe seg mat og drikke, hus og klede av skikkeleg kvalitet og i tilstrekkeleg mengd. "Frigjering" er ei historisk og ikkje ei mental handling, og ho er frambrakt av historiske forhold, [nivået] på industrialiseringa, han[del], [jord]bruk, [samkvem...]⁴⁷

\2\ først seinare, i samsvar med dei ulike stadia i utviklinga deira, [finn dei på] tullpratet om substans, subjekt, sjølvmedvit og rein kritikk, like så vel som religiøst og theologisk tullprat, og seinare kvittar dei seg med det att⁴⁸ når utviklinga deira har komme langt nok. I Tyskland,⁴⁹ eit land der berre ei lita historisk utvikling går føre seg, der tener desse tankeutviklingane,

⁴³ Marx i den høgste spalten: *Feuerbach*.

⁴⁴ Id.: *Der Mensch. Der Einzige. Das Individuum.=Mennesket. Den eine. Individet.*

⁴⁵ Id.: *Der menschliche Körper. Das Bedürfnis und die Arbeit.=Den menneskelige lekamen. Behovet og arbeidet.*

⁴⁶ Id.: *Geologische, hydrographische etc. Bedingungen.=Geologiske, som har med vatten å gjøre osb. vilkår.*

⁴⁷ Skada ark.

⁴⁸ Marx i høgste spalten: *Phrasen und wirkliche Bewegung.=Frasar og verkelig rørsle.*

⁴⁹ Id.: *Bedeutung der Phrasen für Deutschland.=Kva frasar tyder for Tyskland.*

desse oppskrytte og uverksame trivialitetane, naturlegvis som ei erstatning for mangelen på historisk utvikling,⁵⁰ og dei slår rot og vi må kjempe mot dei. Men denne kampen er av lokal verdi.⁵¹

Tankane til den herskande klassen er, i kvar epoke, dei herskande tankane, dvs. at den klassen, som er den herskande *materielle* makta i samfunnet, er også den herskande *åndelige* makta. Den klassen, som har råderett over midla til materiell produksjon, disponerer også over midla til åndelig produksjon, slik at dermed også tankane hos gjennomsnittet av dei, som er frårøva midla til åndelig produksjon, er underkasta den. Dei herskande tankane er vidare ikkje anna enn det idémessige uttrykket for dei herskande materielle forholda; dei herskande materielle forholda oppfatta som tankar; dvs. dei forholda, som nettopp gjør den eine klassen til den herskande, dvs. tankane til denne klassen sitt herredømme. Dei individua, som utgjør den herskande klassen, eig mellom anna også medvit og derfor tenkjer dei; i den grad dei altså herskar som klasse og bestemmer omfanget av ein heil historisk epoke, er det sjølvinnlysande, at dei gjør det i heile utstrekninga av ho, at dei altså blant anna også herskar som tenkande, som produsentar av tankar, regulerer produksjonen og distribusjonen av tankar i deira tid, at altså deira tankar er epokens herskande tankar. I ei tid og i eit land til dømes der kongemakt, aristokrati og borgarskap stridast om makta, der herredømmet altså er delt, viser doktrinen om tredelinga av makta seg som den herskande tanken, som nå blir framsett som ein "evig lov". -

Delinga av arbeidet, som vi allereie ovafor har treft på som ei av hovudkreftene i historia fram til no, ytrar seg no også innanfor den herskande klassen som deling mellom åndelig og materielt arbeid, slik at den eine delen innanfor denne klassen opptrer som denne klassens tenkarar (dei aktive, omgrepsskapande ideologar til den same, som gjør det til hovudnæringsvegen sin å utforme denne klassen sin illusjon om seg sjølv), mens dei andre held seg meir passiv og mottakande til desse tankane og illusjonane, fordi dei i verkelegheita er denne klassen sine aktive medlemmer og har mindre tid til å gjøre seg tankar og illusjonar om seg sjølv. Innanfor denne klassen kan denne spaltinga til og med utvikle seg til ein viss opposisjon og fiendskap mellom dei to delane, som trass i dette fell bort av seg sjølv ved eitkvart praktisk samanstøyt der klassen sjølv er i fare, og då forsvinn til og med skinet av at dei herskande tankar ikkje var den herskande klassen sine tankar og hadde ei makt som var forskjellig frå denne klassen si makt. Eksistensen av revolusjonære tankar i ei bestemt epoke føreset allereie eksistensen av ein revolusjonær klasse; om føresetnadane for denne er det som trengs blitt sagt allereie ovafor (S. [36f]).

Viss vi no lausriver den herskande klassen sine tankar frå den herskande klassen når vi oppfattar den historiske utviklinga av tankane og gjør dei sjølvstendige, står det att at dei og dei tankane har herska i ei epoke, utan at vi bekymrar oss om vilkåra for produksjonen av desse tankane og dei som har produsert dei, viss vi altså ser vekk frå dei individua og dei tilstandane i verda som ligg til grunn for tankane, så kan vi til dømes sei at på den tida då aristokratiet herska, så herska omgrep som ære, truskap osb., mens omgrep som fridom, likskap osb. herska under borgarskapet sitt herredømme. Den herskande klassen sjølv hyllar jamt over denne oppfatninga. Denne historieoppfatninga, som helst er felles for alle historieskrivarar sida det 18. hundreåret, vil naudsynt støyte på /32/ det fenomenet, at det heile tida er meir og stadig meir abstrakte tankar som herskar, dvs. tankar, som tar stadig meir allmenn form. For kvar ny klasse som setter seg sjølv i staden for den klassen som herska før han er det naudsynt, for bare å gjennomføre formålet sitt, å framstille interessa sin som den

⁵⁰ I det vesentlige ikkje stroke ut frå den tidligare konstruksjonen: *nehmen ... die Stelle...ein.*

⁵¹ Marx i høgre spalte: *Die Sprache ist die Sprache der Wirklichkeit*] – Etter ein delestrek på halve sida følgjer ein sletta tekst som stemmer overeins med det andre avsnittet i "Sankt Bruno": samanlikn dette bind, side 101.

felles interessa til alle medlemmer av samfunnet, dvs. uttrykt idémessig: å gi desse tankane allmenn form, å framstille dei som dei einaste fornuftige, allment gyldige tankane. Allereie fordi han står ovafor ein *klasse* opptrer frå først av ikkje den revolusjonerande klassen som klasse, men som representant for heile samfunnet, han viser seg som heile samfunnets masse overfor den einaste, herskande klassen.⁵² Dette kan han fordi interessa hans i starten enno verkelig er binde sammen med alle dei andre ikkjeherskande klassar sine felles interesser, fordi den under trykket av dei tidligare forholda ennå ikkje barena utvikle seg til ein særinteresse for ein spesiell klasse. Sigeren hans seier tener derfor også mange individ i dei andre klassane, som ikkje kjem til makta, men bare i den grad desse individua no blir i stand til å heve seg opp i den herskande klassen. Då det franske borgarskapet omstyrta aristokratiet sitt herredømme, gjorde dei det dermed mulig for mange proletarar å heve seg opp over proletariatet, men bare om dei blei borgarar. Kvar ny klasse skapar derfor herredømmet sitt bare på breiare grunnlag enn den som har herska til no, og gjennom det utviklar seinare også Motsetnaden mellom den ikkjeherskande og den no herskande klassen seg desto skarpare og djupare. Begge delar gir grunnlag for at den kampen, som må føres mot denne nye herskande klassen, på ny arbeider fram mot ei meir avgjørande, meir radikal oppheving av dei samfunnstilstandane som har vere til no, enn alle /33/ dei klassene, som til no har strevd etter herredømme, kunne gjøre det.

Dette skinnet, som om herredømmet til ein bestemt klasse bare er herredømmet til visse tankar tar naturligvis slutt av seg sjølv, så snart klassane sitt herredømme i det heile sluttar med å vere forma for den samfunnsmessige ordninga, altså så snart det ikkje lengre er nødvendig å framstille ein særskild interesse som ein allmenn eller "det allmenne" som herskande.

Etter at de herskande tankane først er skilt frå dei herskande individua og framfor alt frå dei forholda som går fram av eit bestemt trinn i produksjonsmåten og dermed det resultatet er komme fram at det alltid er tankane som herskar i historia, så er det svore lett, ut frå desse forskjellige tankane å abstrahere "tanken", ideen osb., som det herskande i historia, og dermed å oppfatte alle desse enkelte tankane og omgrepene som "sjølvbestemmingar" av omgrepet, som utviklar seg i historia. Det er så også naturlig naturlege at alle menneskelige forhold kan avleias av omgrepet menneske, det tenkte menneske, menneskets vesen, mennesket.⁵³ Dette har den spekulitative filosofien gjort. Hegel innrømmer sjølv i slutten av "Historiefilosofi" sin at han "utelukkande har sett på omgrepet si utvikling" og framstilt "den sanne teodicéen⁵⁴ i historia" (side 446). No kan vi gå tilbake att til produsentane av "omgrepets", til teoretikarane, ideologane og filosofane, og vi kjem då til det resultatet, at det er filosofane, dei tenkande som slike, som alltid har herska i historia - eit resultat, som på same vis, allereie er uttalt av Hegel, som vi ser.

Heile kunststykket med å påvise ånda sitt overherredømme i historia, (hierarki hos Stirner), avgrensar seg altså til dei følgjande tre innsatsar:

Nr. 1. Vi må skilje tankane hos dei herskande, som herskar av empiriske årsaker, under empiriske vilkår og som materielle individ, frå desse herskande, og som ei følgje godta tankane eller illusjonane sitt herredømme i historia.

⁵² I høgd med denne setninga skrev Marx i høgre spalte: (*Allmenta motsvarar 1. Klasse i motsetnad til stand, 2. Konkurranse, verdsmarknad osb., 3. at den herskande klassen er svore talrik, 4. illusjonen om felle s interessa. Til å begynne med er denne illusjonen sann, 5. filosofane si innbillung og delinga av arbeidet.*

⁵³ Utheva med blyantstrek i manuskriptet.

⁵⁴ Denne setninga skrev Marx nær den førre setninga i høgre spalte utan teikn på kor det skulle settast inn.

Nr. 2. Vi må bringe orden i dette tankeherredømmet, påvise ein mystisk samanheng mellom dei herskande tankane slik dei følgjer etter kvarandre, og dette får vi i stand ved å oppfatte dei som "omgrepene sine sjølvbestemmingar" (dette er bare mulig, fordi desse tankane i kraft av det empiriske grunnlaget sitt verkeleg henger saman med kvarandre, og fordi dei, oppfatta som *bare* tankar, blir til forskjellar skapt av seg sjølv, forskjellar laga av tenkinga).

Nr. 3. For å fjerne den mystiske utsjånaden frå dette " omgrepene som bestemmer seg sjølv", forvandler vi det til ein person - "sjølvmedvitet" eller, for å synast riktig materialistisk, til ei rekke personar, som representerer "omgrepene" i historia, "dei tenkande", "filosofane", ideologane, som nå etter blir oppfatta som historias fabrikantar, som "vektaranes sitt råd", som dei herskande.⁵⁵ Dermed har vi fjerna alle materialistiske element frå historia og kan nå gi den spekulativa stridshingsten frie tyglar.

Denne historiske metoden, som herska i Tyskland - og korfor nettopp der - må vi forklare ut frå samanhengen med ideologane sin illusjon i det heile tatt, til dømes illusjonane til juristane og politikarane (blant dei også dei praktiske statsmenna), ut frå desse fyrane sine dogmatiske draumsynar og fordreiingar, som ganske enkelt kan forklarast ut frå den praktiske livsstillinga deira, yrket deira delinga av arbeidet.⁵⁶

/35/ Mens kvar handelsmann, i det daglige livet, forstår svore godt å sjå skilnaden mellom det som ein eller annan gir seg ut for å vere, og det som han verkelig er, så har historieskrivinga vår ikkje nådd fram til denne banale erkjenninga. Den trur kvart ord av det som kvar epoke seier om seg sjølv og innbiller seg.

[...]⁵⁷ /40/ blir funne. Av det første gir seg føresetnaden for ei utvikla deling av arbeidet og utstrakt handel, av det andre det lokalt avgrensa. Av det første må individua bli brukt saman, av det andre finn dei seg sjølv som produksjonsinstrument ved sidan av det gitte produksjonsinstrumentet.

Her trer altså forskjellen mellom dei naturlige produksjonsinstrumenta og dei, som er skapt av sivilisasjonen fram. Åkeren (vatnet osb.) kan vi sjå på som eit produksjonsinstrument som har vokse fram av naturen. I første tilfellet, ved det produksjonsinstrumentet som har vokse fram av naturen, blir individua underorda naturen, i det andre tilfellet under eit arbeidsprodukt. I det første tilfellet trer derfor også eigedommen (jordeigdommen) fram som umiddelbart, naturlig herredømme, i det andre som arbeidets herredømme, spesielt det akkumulerte arbeidets, kapitalens herredømme. Det første tilfelle føreset at individua er knytt saman ved eit eller anna band, anten familien, stammen, jorda m.m., det andre tilfellet føreset at dei er uavhengige av kvarandre og bare blir halde saman på grunn av vareutvekslinga. I det første tilfellet er utvekslinga hovudsaklig ei utveksling mellom menneska og naturen, ei utveksling, der den eine sitt arbeide blir utveksla med den andre sine produkt; i det andre tilfellet er det for det aller meste utveksling mellom menneska innbyrdes. I første tilfelle er den gjennomsnittlige menneskeforstand tilstrekkelig, lekamlig og åndelig verksemd er ennå slett ikkje skild frå kvarandre; i det andre tilfelle må delinga mellom åndelig og lekamlig arbeid allereie vere fullbyrda i praksis. I det første tilfelle kan eigaren si makt over ikkjeeigaren avhenge av personlige forhold, på ein særlig art fellesskap; i det andre tilfelle må den ha tatt tinglig skapnad i noe tredje, i pengane. I det første tilfellet eksisterer småindustrien underordna

⁵⁵ På denne plassen i manuskriptet skreiv Marx i høgre spalte: *D e r Mensch = dem "denkenden Menschengeist"* (*Mennesket = den tenkande menneskeånda*).

⁵⁶ Marx skreiv denne setninga nær slutten av den førre setninga utan teikn til kor kan skulle settast inn.

⁵⁷ Hol i manuskriptet. Etter Marx si paginering manglar fire sider.

nyttinga av det naturlige produksjonsinstrumentet, og derfor utan deling av arbeidet mellom forskjellige individ, i det andre tilfellet består industrien bare i og i kraft av delinga av arbeidet.

Hittil har vi gått ut frå produksjonsinstrumenta, og her viste det seg allereie, at privateigedomen er nødvendig for visse industrielle utviklingstrinn. I utvinningsindustrien fell privateigedomen ennå heilt saman med arbeidet; i småindustrien og alt jordbruk til no er eigedomen ein nødvendig konsekvens av dei produksjonsinstrumenta som er tilstade; først i storindustrien er motseiinga mellom produksjonsinstrument og privateigedom storindustrien sitt produkt, for å bringe ho fram må han allereie vere mykje utvikla. Som ein følgje blir opphevinga av privateigedomen også først mulig med storindustrien.

Den største delinga av materielt og åndelegr arbeid er delinga mellom by og land. Motsetnaden mellom by og land begynner ved overgangen frå barbari til sivilisasjon, frå stammevesen til stat, frå lokalitet til nasjon, og den strekker seg gjennom heile sivilisasjonens historie til den dag i dag (Anti-korn-lov-ligaen).

Med byen oppstår også at det er naudsnyt med administrasjon, politi, skattar osv., kort sagt for ein fellesskap [Gemeidewesen] og dermed for politikk i det heile. Her viste seg for første gang inndeling av folkesetnaden i to store klassar, som direkte avheng av delinga av arbeidet og av produksjonsinstrumenta. Byen er allereie det faktum som ligg i sjølve konsentrasjonen av folkesetnaden, av produksjonsinstrumenta, av nyttingane, mens landet viser nettopp det motsette faktumet, isolasjon og einsemd [Vereinzelung]. Motsetnaden mellom by og land kan bare eksistere innafor privateigedomens rammer. Han er det skarpaste uttrykket for individet si underordning under arbeidsdelinga, under ei bestemt verksemrd, som er tvinga på individet, ei underordning som gjør den eine til et innskrenka bydyr, den andre til et innskrenka landdyr, og som daglig på ny bring fram motsetnaden mellom begge sine interesser. Her er arbeidet atter hovudsaka, makta over individra, og så lenge dette eksisterer, så lenge må privateigedomen eksistere. Avskaffinga av motsetnaden mellom by og land er ein av dei første føresetnadene for fellesskap, ein føresetnad som atter er avhengig av ei mengd materielle føresetnader og som viljen aleine ikkje kan oppfylle, noe som ein kvar kan sjå ved første augekast. (Desse føresetnadene må utdjupast nærrare.) Åtskiljinga av by og land kan oppfattast som åtskiljinga av kapital og jordeigedom, som byrjinga på ei utvikling av kapitalen uavhengig av at jordeigedommen fins, og på ein eigedom som har grunnlaget sitt i arbeidet aleine og i vareutvekslinga.

I dei byane som i middelalderen ikkje fanst ferdig overlevert frå den tidligare historia, men nydanna av liveigne som var blitt frie, var det særeigne arbeidet ein kvar person sin einaste eigedom, ut over den vesle kapitalen, som han hadde brakt med og som mest utan unntak omfattar det mest nødvendige verktøyet. Konkurransen frå dei flyktande liveigne, som fortsett kom til byen, dei stadige krigane som landet ført mot byane og dermed naudsynet av ei organisert krigsmakt i byane, det bandet som den felles eigedommen til eit bestemt arbeid utgjorde, naudsynet av å råde over felles bygnader til sal av varene i en tid, der handverkarane samtidig var kjøpmenn, og dermed muligheita for å utelukke uønska frå desse bygnadene, motsetnaden mellom dei enkelte handverka sine interesser, naudsynet av å beskytte det strevsamt lærte arbeidet, og dessutan heile landets føydale organisasjon - dette var årsakene til, at dei arbeidande i kvart enkelt handverk slo seg saman i handverkarlaug. Vi kan ikkje her komme nærrare inn på dei mangfelde modifikasjonane i laugsvesenet, som tar til under den seinare historiske utviklinga. Dei liveigne sin flukt til byane gjekk føre seg utan avbrot under heile middelalderen. Desse liveigne på landet som var forfølgde av herrane sine, kom

enkeltvis til byene, kor dei fann ein organisert bykommune som dei var makteslause ovafor og kor dei måtte underkaste seg den stillinga, som behovet for arbeidet deira og interessene til organiserte bykonkurrentane deira tilviste dei. Desse arbeidarane, som enkeltvis kom inn til byen, kunne aldri nå å bli til ei makt, fordi dei – viss arbeidet deira var organisert i laug og måtte lærast - blei underkua av laugsmeistrane og organisert i deira interesse; viss arbeidet deira var ufaglært og derfor ikkje underlagt lauga, men var dagleigararbeid, nådde dei aldri fram til noen organisasjon, men blei ved med å vere uorganisert påbel. Naudsynet av dagleigararbeid i byane skapte påbelen.

Desse byane var sanne "sameiningar", framkalla av det direkte /43/ behovet, sutta for å verne eigedommen og for å mangedoble dei enkelte medlemmene sine produksjonsmiddel og forsvarsmiddel. Påbelen i desse byane var frårøva all makt, fordi han bestod av individ, som var framande for kvarandre, som hadde komme enkeltvis til byen og sto uorganisert ovafor ei organisert, krigsmessig utrusta makt, som nidkjært overvaka dei. Sveinane og lærlingane i kvart enkelt handverk var organisert slik, som best svarte til meistrane si interesse. Det patriarkalske forholdet dei sto i til meistrane sine, gav desse dobbelt makt: på den eine sida ved direkte innverknad på heile livet til sveinane, og dessutan, fordi det for dei sveinane, som arbeidde for den same meistaren, var eit verkeleg band som heldt dei saman i forhold til dei andre meistrane sine sveinar og skilde dei frå desse. Endelig var sveinane knytt til den ordninga som fanst allereie i kraft av den interessa dei sjølv hadde for å bli meistrar. Mens påbelen i det minste kom til spreidde opprør mot ordninga i byane - opprør som likevel blei utan verknad på grunn av maktesløyse til påbelen - kom det blant sveinane bare til mindre ulydnad innafor dei enkelte lauga, noe som høyrt til sjølve eksistens av laugsvesenet. Middelalderens store oppstander hadde alle opphavet sitt på landsbygda, men blei også utan resultat fordi bøndene var splitta og isolerte og rørsla deira derfor var primitiv.

Kapitalen i desse byane var ein naturlig framvokse kapital, som besto av bustaden, verktyet og den naturlige arva kundekretsen, som på grunn av det uutvikla samkvemmet og den manglande sirkulasjonen ikkje kunne realiserast og måtte gå i arv frå far til son. Denne kapitalen var ikkje, slik som den moderne, ein kapital som kan vurderast i pengar, der det er likegyldig, om han er investert i denne eller hin tingen, men ein kapital som var direkte bunde til og slett ikkje kunne skiljast frå eigarane sitt særskilde arbeid, og for så vidt var han *stands*-kapital.

I byane var delinga av arbeidet mellom dei enkelte lauga enno [heilt spontan]⁵⁸, og ho var slett ikkje gjennomført mellom dei en /44/ kelte arbeidarane innafor lauga. Kvar enkelt arbeidar måtte kunne meistra i en hel rekke arbeidsprosessar, måtte kunne gjøre alt, som skulle gjørast med hans verkty. Det avgrensa samkvemmet og den vesle innbyrdes samanbindinga mellom dei enkelte byane, den spreidde folkesetnaden og dei avgrensa behova let ingen vidare deling av arbeidet oppstå, og derfor måtte ein kvar, som ville bli meister, beherske heile handverket sitt. Derfor fins det hos handverkarane i middelalderen ennå ei interesse i deira spesielle arbeid og deira dugleik, som kunne utvikle seg til ein viss avgrensa kunstsans. Dessutan gikk også ein kvar middelalder-handverkar fullt og heilt opp i arbeidet sitt, var meir kjenslemessig avhengig av og mykje meir innordna under arbeidet sitt enn den moderne arbeidaren, som er likeglad med arbeidet sitt.

Den neste utvidinga av delinga av arbeidet var då produksjon og handel vart skilde, då det blei danna ein særskild klasse av kjøpmenn; i dei historiske overleverte byane var dette skiljet arva

⁵⁸ To ord som er svore vanskelige å forstå på øvre avslitna kant av sida.

(mellom anna med jødane) og i dei nydanna hendte det mykje snart. Muligheita var no gitt for handelssamkvem som gikk ut over den nærmeste omegna, ei muligkeit der verkeliggjøringa kom an på dei eksisterande kommunikasjonsmidla, den offentlige tryggleiken i landet, som kom an på dei politiske forholda (under heile middelalderen drog kjøpmennene, som kjent omkring i væpna karavanar) og av meir primitive eller utvikla behov, som kom an på det gitte kulturtrinnet i det området som var tilgjengelig for handelssamkvem.

Med samkvem som er konstituert i ein særlig klasse, med kjøpmennene si utbreiing av handelen ut over byens nærmeste omegn, begynner det straks ein vekselverknad mellom produksjon og samkvem. Byane trer i samband *med kvarandre*, nye slags verkty blir brukt frå den eine byen til den andre, og delinga mellom produksjon og samkvem kallar snart fram ei ny deling av produksjonen mellom /45/ dei enkelte byane, der kvar av dei snart utbytter ein framherskande industrigrein. Den opprinnelige avgrensinga til eit lokalt område begynner etter kvart å gå i oppløysing. –

Om dei produktivkrefta som har vunne fram på ein stad, nemlig oppfinningar, går tapt for den seinare utviklinga eller ikkje avheng av utbreiinga av samkvemmet. Så lenge der ennå ikkje eksisterer et samkvem, som går ut over det nabolaget lik i nærleiken, må ei kvar oppfinning bli gjort særskilt på kvar stad, og reine tilfellet, så som invasjonar av barbariske folkeslag og sjølv alminnelige krigar er nok til å bringe eit land med utvikla produktivkrefta der hen, kor det igjen må begynne frå begynnninga igjen. Då historia tok til måtte dei, uavhengig av kvarandre, gjøre kvar oppdaging på ny kvar dag og på kvar stad. Fønikarane⁵⁹ viser kor lite utvikla produktivkrefta er sikra mot fullstendig øydelegging, sjølv ved ein forholdsvis utstrakt handel, då deira oppfinningar, for ein stor del og for lang tid, gikk tapt fordi denne nasjonen blei trengt ut av handelen som følgje av Aleksander den Stores erobringar og det forfallet som følgde. Det same med glasmaleriet i middelalderen til dømes.⁶⁰ Først når samkvemmet er blitt til verdssamkvem og har fått storindustrien som grunnlag, når alle nasjonar er trekt inn i konkurranssekampen, er dei oppnådde produktivkraftene varig sikra.

Det neste resultatet av arbeidsdelinga mellom dei forskjellige byene var at manufakturen oppsto i produksjonsgreinar som vaks ut av laugsvesenet. Den første blominga av manufakturane – i Italia og seinare i Flandern – hadde samkvem med andre nasjonar som historisk føresetnad. I andre land – England og Frankrike til dømes – var manufakturane til å begynne med avgrensa til den innanlandske marknaden. Manufakturane har, forutan dei føresetnadane som allereie er nemnt, som føresetnad også ein rett framskriden konsentrasjon av folkesetnaden – i sær på landet – og av kapitalen, som er begynt å bli samla på enkelte hender, dels i lauga, på tross av laugsstatuttane, dels hos kjøpmennene.

/46/ Det arbeidet, som frå før føresette ein maskin, sjølv i den mest primitive forma, viste seg snart å vere det som var best egna til utvikling. Vevity, som bøndene tidligare hadde utført ved sida av landbruket for å skaffe seg dei nødvendige kleda, var det første arbeidet som fikk et dytt framover og ei vidare utvikling ved at samkvemmet var blitt meir omfattande. Vevity var den første manufaktur og blei ved med å vere den viktigaste. Den stigande etterspurnaden etter kledestoff på grunn av den veksande folkesetnaden, den begynnande akkumulasjonen og mobiliseringa av den naturlig skape kapitalen som følgje av den framskynda sirkulasjonen, det luksusbehovet, som blei framkalla og i det heile tatt fekk gunstige vilkår ut frå samkvemmet som etter kvart blei meir omfattande, ga veyinga kvantitativt og kvalitativt det

⁵⁹ Marx sette inn i høgre spalte etter fønikarane: *og glasmaleriet i middelalderen*.

⁶⁰ Denne setninga skrev Engels i den høgre spalten og sette han inn her, og viste nok til Marx sin merknad, men utan å stryke ut Marx sitt innskott.

puffet frametter som reiv det ut av den produksjonsforma som hadde eksistert til då. Ved sida av bøndene, som vevde for sitt eige behov og fortsette og ennå fortsett med det, oppsto det i byane ein ny klasse av veverar, som laga stoff som var bestemt til heile den innanlandske marknaden og for det meste også til utanlandske marknader. – Vevity, eit arbeid, som i dei fleste tilfella ikkje kravde mye ferdigheit og snart blei oppdelt i uendelig mange greiner var, ifølge heile sin heile måten han blei drive på, i motstrid med laugsvesenet sine lenker. Vevity blei derfor for det meste utøva i landsbyar og små kjøpstader utan laugsorganisasjon; desse blei etter kvart til byar og ofte nettopp dei mest blomande byene i kvart land.

Med den laugsfrie manufakturen forandra også eigedomsforholda seg. Det første framskrittet utover den naturlig-standsbestemte kapitalen, var gitt då kjøpmennene dukka opp; kapitalen deira var frå første stund rørlig, i den grad det kunne vere tale om noe sånt under dei dåverande forholda, var det kapital i den moderne tydinga. Det andre framskrittet kom med manufakturen, som atter mobiliserte ei mengd av den kapitalen som hadde vokse naturlig fram og i det heile auka mengda av mobil kapital i forhold til den som hadde vokse fram naturlig. – Manufakturen blei også ei tilflukt for bøndene mot lauga, som anten heldt dei utanfor eller betalte dei dårlig, liksom laugsbyane tidligare hadde tent som bøndene si tilflukt mot landadelen.

Samstundes med at manufakturane tok til starta ein periode med eit utbreidd omstreifarvesen, forårsaka av at føydalherrane sitt væpna følgje heldt opp med å eksistere, av at dei konsentrerte hærane, som hadde tent kongane mot vasallane deira, blei oppløyst, av at jordbrukskapitalen blei forbetra og med at store strekningar med jordbruksjord blei forvandla til grasgonger for kveg. Det går allereie fram av alt dette korleis dette vagabondvesenet heng nøye saman med oppløysninga av føydalsystemet. Allereie i det 13. hundreåret førekjem enkelte periodar av dette slaget; men alminnelig og varig opptrer dette omstreifarvesenet først ved slutten av det 15. og begynninga av det 16. hundreåret. Desse omstreifarane, som dei bare, med den største vanske, kunne få til arbeide, og då etter langvarig motstand, når dei var tvinga av den ytterste naud, var så talrike at mellom anna Henrik VIII av England let 72.000 av dei henge. Den hurtige oppblomstringa av manufakturane, særleg i England, saug dei etter kvart opp. – Med manufakturen gjekk dei forskjellige nasjonane inn i eit konkurranseforhold, i den handelskampen, som blei utkjempa ved hjelp av krigar, vernetoll og importforbod, mens nasjonane tidligare, for så langt som de hadde stått i forbindelse med kvarandre, hadde gjennomført⁶¹ ein harmlaus vareutveksling. Frå no av hadde handelen politisk tyding.

Med manufakturen var det også gitt eit nytt forhold mellom arbeider og arbeidsgivar. Det patriarkalske forholdet mellom svein og meister eksisterte fortsett i handverkslauga; i manufakturen tråtte no pengeforholdet mellom arbeidar og kapitalist i staden for det, eit forhold som blei ved med å vere patriarkalsk farga, som på landet og i de små byene; i dei større, dei eigentlige manufakturyane, hadde den allereie tidlig mista mest einkvart patriarkalsk farge.

Manufakturen, og i det heile tatt produksjonen si rørsle, fekk eit enormt oppsving med det utvida samkvemmet som følgde etter oppdaginga av Amerika og sjøvegen til Ostindia. Dei nye produktta, som blei innført frå der, særleg dei mengdene av gull og sølv som blei sett i omløp, forandra totalt klassane si stilling ovafor kvarandre og gav den føydale jordeigedommen og arbeidarane eit hardt slag. Tokta til eventyrarane, koloniseringa, og framfor alt utvidinga av marknadane til ein verdsmarknad, som no var blitt mulig og som frå

⁶¹ Manuskriptet: *verführt*

dag til dag blei meir av ei kjennsgjerning, kalla fram ein ny fase i den histor /48/ iske utviklinga, som vi allment sett ikkje skal handsame nærmare her. Gjennom koloniseringa av dei nyoppdaga landa fekk den handelskampen som nasjonane dreiv mot kvarandre ny næring og blei som ei følgje meir omfattande og bitter.

Utvidinga av handelen og manufakturen framskynda akkumulasjonen av den rørlige kapitalen, mens den naturlig framvakse kapitalen i handverklauga, som bare opplevde ei lita tilskunding til utvida produksjon, forsette å vere stabil og minka til og med. Handel og manufaktur skapte det store borgarskapet. Småborgarskapet, som no ikkje meir som tidligare herska i byene, men måtte bøye seg under storkjøpmennene si makt, samla seg i lauga.⁶² Av dette kom lauga sitt forfall så snart dei kom i kontakt med manufakturen.

Dei forholda nasjonane hadde seg imellom i samkvemmet sitt med kvarandre tok i den epoken som vi har omtalt, to forskjellige former. Til å begynne med medførte den vesle sirkulerande mengda av gull og sølv at det blei forbode å utføre desse metalla; og den industrien, som var blitt noe naudsynt for å gi arbeid til den veksande folkesetnaden i byane, men som for det meste var importert frå utlandet, kunne ikkje unnvere dei privilegium, som kunne givast, naturlig nok ikkje bare mot den innanlandske, men hovudsaklig mot den utanlandske konkurransen. I desse opphavlige statlige forbod blei dei lokale privilegia til lauga utvida til å omfatte heile nasjonen. Tollavgiftene oppstod av dei avgiftene, som føydalherrane hadde lagt på dei kjøpmennene som drog gjennom området deira og måtte kjøpe seg fri for plyndring; slike avgifter blei seinare også pålagt av byane, og da dei moderne statane oppsto, var dei det mest nærliggande middelet til å skaffe pengar i statskassa. – Då det amerikanske gullet og sølvet dukka opp på dei europeiske marknadene, då industrien gradvis utvikla seg og handelen tok eit hurtig oppsving, noe som fekk det borgarskapet og dei pengane som ikkje var laugsbundne til å trivast, fekk desse forholdsreglane ei heilt anna betydning. Staten, som stadig mindre kunne unnvere pengane for kvar dag som gikk, heldt no fast på forbodet mot utførsel av gull og sølv av omsyn til statsfinansane; for borgarskapet var desse nye pengemengdene, som blei kasta ut på marknaden, det viktigaste målet for deira ågeroppkjøp [Accaparements] og dei var fullt ut tilfredse med desse forholdsreglane. Dei tidligare privilegia blei selde for pengar og blei slik ei kjelde til inntekt for regjeringa; i tollovgjevinga dukka det opp eksporttoll, som bare la ei hindring i vegen /49/ for industrien og hadde reint statsfinansielle formål.

Den andre perioden tok til i midten av det 17. hundreåret og varte mest til slutten av det 18. hundreåret. Handelen og skipsfarten hadde utvida seg hurtigare enn manufakturen, som spelte ei annanrangs rolle; koloniane begynte å bli sterke forbrukarar, gjennom langvarige kampar delte dei ymse nasjonane seg imellom den verdsmarknaden som opna seg for dei. Denne perioden begynner med navigasjonslovene og kolonimonopola. Konkurranse nasjonane imellom blei så vidt mulig utelukka ved hjelp av tariffar, statlige forbod og traktatar, og i siste instans blei konkurransekampen ført og avgjort ved hjelp av krigar (især krigar til sjøs). Den mektigaste nasjonen på havet, englanderane, behaldt overvekta i handel og manufaktur. Allereie her konsentrasjon til et land. – Manufakturen var framleis verna av toll på heimemarknaden, av monopol på marknaden i koloniane og, så langt det var mulig, av differensialtoll i utanrikshandelen så vidt mulig av differensialtoll. Tilverking av råmateriale, produsert i innlandet, fekk gunstigare vilkår (ull og lin i England, silke i Frankrike), utførsel

⁶² Nær setninga skreiv Marx under kvarandre: *Småborgar middelstand store borgarskap*.

av råmateriale produsert i innlandet blei forbode (ull i England) og tilverking av importert råmateriale blei forsømd eller undertrykt (bomull i England). Den nasjon, som var framherskande i sjøhandelen og som kolonimakt, sikra seg naturligvis også den største utvidinga, både kvantitativt og kvalitativt, av manufakturen. Manufakturen kunne slett ikkje vere utan vern, då han kan miste marknaden sin og bli ruinert som følgje av mykje små endringar som går føre seg i andre land; han kan lett bli innført i et land under nokolunde gunstige føresetnader og nettopp derfor kan den også lett øydeleggast. Han er også så sterkt knytt saman med livsvilkåra for eit stort tal med individ, særleg ved den måten han blei drive på i landsbyane i det 18. hundreåret, at ikkje noe land kan våge å sette eksistens hans på spel ved å tillate fri konkurrans. Viss han når så langt som til å eksportere, avhenger han følgjelig heilt av utvidinga eller innskrenkinga av handelen og har på si side en forholdsvis liten innverknad [på han]⁶³.

Ut frå dette den sekundære [betydinga] hans og derfor kjøpmennene sin innverknad i det 18. hundreåret. /50/ Det var kjøpmennene og især skipreiarane, som framfor alle andre kravde vern frå staten og monopol; manufatureigarane kravde og fikk nok også vern, men dei sto heile tida tilbake for kjøpmennene i politisk betydning. Handelsbyane, særleg sjøfartsbyane, blei noelunde siviliserte og storborgarlige, mens den største småborgarlige haldninga fortsett fans i fabrikkbyane. Sjå Aikin m.fl. Det 18. hundreåret var handelens hundreår. Pinto seier dette uthykkelig: "Le commerce fait la marotte du siècle",⁶⁴ og: "Depuis quelque temps il n'eut plus question que de commerce, de navigation et de marine".⁶⁵

-

Kapitalen si rørsle fortsett heile tida med å vere forholdsvis langsam sjølv om han var mykje framskunda. Verdsmarknaden var splitta opp i enkelte delar, som kvar for seg blei utbytta av ein bestemt nasjon, innbyrdes konkurransen nasjonane imellom var utelukka, produksjonen var sjølv hjelpelaus, pengevesenet var først begynt å utvikle seg ut over dei første trinna - alt dette sinka sirkulasjonen mykje. Resultatet var ei kremmaraktig, skiten-tarvelig ånd som enno var festa ved kjøpmenn og ved den måten handelen blei driven på. I samanlikning med manufatureigarane og især handverkarane var dei ganske visst storborgarar, borgarskap, men i samanlikning med kjøpmennene og de industridrivande frå den følgjande perioden er og blir dei småborgarar. Sjå A. Smith.

Denne perioden er også kjenneteikna ved, at forbodet mot å utføre gull og sølv blir oppheva, at pengehendelen oppstår, saman med bankane, statsgjelda, papirpengane, aksje- og fondsspekulasjonen, overprising av alle slags varer, og at pengevesenet i det heile tatt blir utforma. Kapitalen miste igjen ein stor del av den opphavlige karakteren sin, som stadig vekk festa seg ved den.

I det 17. hundreåret utvikla konsentrasjon av handelen og manufakturen seg utan avbrot til eit enkelt land, England, og skapte etter kvart ein relativt verdsmarknad for dette landet og dermed ein etterspurnad etter manufakturprodukt frå dette landets, som ikkje lenger kunne tilfredsstillast ved hjelp av dei industrielle produktivkrefter som hadde vere tilgjengelige tidligare. Denne etterspurnaden, som vaks produktivkreftene over hovudet, var den drivende krafta som kalla fram privateigedomens tredje /51/ periode sidan middelalderen, då han bringa fram storindustrien - bruk av naturkreftene til industrielle formål, maskinene og den mest

⁶³ Ved parentesen er kanten på manuskriptsida skada.

⁶⁴ "Handelen er hundreårets grille/nykke". Omsettarens kommentar.

⁶⁵ "For ei tid har det ikkje vere snakk om anna enn handel, navigering og flåte." Omsettarens kommentar.

omfattande delinga av arbeidet. Dei andre føresetnadene for denne nye fasen – konkurransefridom innafor nasjonen, utforminga av den teoretiske mekanikken osb., eksisterte allereie i England (mekanikken, som var fullstendig utvikla av Newton, var i det heile tatt den mest populære vitskapen i England og Frankrike i det 18. hundreåret). (Den frie konkurransen innafor sjølve nasjonen måtte overalt erobrast gjennom ein revolusjon - 1640 og 1688 i England, 1789 i Frankrike). Konkurransen tvang snart kvart land, som ville bevare den historiske rolla si, til at beskytte sine manufakturar ved hjelp av fornya tollreglar, (dei gamle tollreglane hjelpte ikkje meir mot storindustrien). Og kort etter det tvang det dei til sjølv å innføre storindustrien under tollvern. Tross desse vernetiltaka gjorde storindustrien konkurransen universell, (han er den praktiske handelsfridom, vernetollen er bare ei lindring , eit vern innafor rammene av handelsfridomen), skapte kommunikasjonsmidla og den moderne verdsmarknaden, la under seg handelen, forvandla all kapital til industriell kapital og virka dermed til kapitalens hurtige sirkulasjon (utviklinga av pengevesenet) og sentraliseringa av kapitalane. Ved hjelp av den universelle konkurransen tvang han alle individ til å bruke energien sin til det yttarste. Der det var mulig avskaffa han ideologien, religionen, moralen osb. og der han ikkje kunne gjøre dette, gjorde den dei til handgripelig løgn.⁶⁶ Han skapte først verdshistoria, for så vidt som han gjorde kvar sivilisert nasjon og kvart individ der avhengig av heile verda for å tilfredsstille behova sine og gjorde til inkje dei enkelte nasjonane si tidligare naturlige evne til å klare seg sjølv. Han la naturvitenskapen inn under kapitalen og tok frå delinga av arbeidet det siste skjær av å vere noe naturgitt. Han gjorde i det heile tatt ende på alt det som hadde vokse fram naturlig, for så vidt det er mulig innafor arbeidet, og løyste opp alle naturlige forhold i pengesirkulasjonar. I staden for dei byene som var vokse naturlig opp, skapte han dei moderne, store industribyane, som oppstod over natta. Der han trengte igjennom, øydela han handverket og i det heile tatt alle tidligare stadium av industrien. Han fullbyrda [byen]⁶⁷ sin siger over bondelandet. [Føresetnaden] hans er det automatiske systemet. Utviklinga av [det] bringa fram ei mengd pro[duktivk]refter; for dei blei privat[eigedommen] ei lenke, like mykje /52/ som lauet hadde vore det for manufakturen og det vesle landbruket for det handverket som utvikla seg. Under privateigedommen får desse produktivkraftene bare ei einsidig utvikling, for fleirtalet blir dei øydeleggingskrefter og ei mengd slike produktivkrefter kan i det heile ikkje bli brukt under privateigedommen. Dei bringa i det store og heile fram dei same forholda mellom klassane overalt i samfunnets og øydela dermed dei enkelte nasjonalitetane sine sær preg. Og endelig, mens borgarskapet i kvar nasjon enno held på nasjonale interesser, skapte storindustrien ein klasse, som har den same interessa i alle nasjonar, der nasjonaliteten allereie er gjort ende på, ein klasse som verkelig har rive seg laus frå heile den gamle verda og også står mot ho. For arbeidaren gjør den ikkje bare forholdet til kapitalismen, men sjølve arbeidet, til noe uuthaldelig.

Det er klart, at storindustrien ikkje når same høge utvikling på kvar enkel stad i eit land. Men dette stansar ikkje proletariatet si klasserørsle, då dei proletarar som storindustrien har brakt fram stiller seg i spissen for rørla og river heile massen med seg, og då dei arbeidarane, som er lukka ute frå storindustrien, nettopp av storindustrien blir brukt i ein enno verre situasjon enn arbeidarane i sjølve storindustrien. På same måte verkar dei landa, der ein storindustri er utvikla, inn på dei plus ou moins⁶⁸ ikkje-industrielle landa, så framt desse, som følgje av verdssamkvemmet, blir rive inn i den universelle konkurranskampen.

⁶⁶ Engels skreiv begge dei siste setningane i høgre spalte, nær slutten av den føregående setninga, utan teikn på kor dei skulle settast inn.

⁶⁷ Hjørnet av manuskriptet er øydelagd.

⁶⁸ Meir eller mindre. Omsettarens merknad.

Desse forskjellige formene er like så mange former for organisasjonen av arbeidet og dermed eigedommen. I kvar periode skjedde det ei sameining av dei eksisterande produktivkrefte i den utstrekning som behovet hadde gjort det nødvendig.

-

Denne motseiinga mellom produktivkrefte og samkvemsforma, som har oppstått allereie fleire gongar i den tidligare historia – slik vi har sett – men utan å bringe grunnlaget i fare, måtte kvar gong gi seg utslag i ein revolusjon; samtidig tok han forskjellige parallelle skapnader, som ein heilskap av kollisjonar, som kollisjonar mellom forskjellige klassar, som motseiing i medvitet, kamp mellom tankane osb., politisk kamp osb. Ut frå eit avgrensa synspunkt kan vi no plukke ein av desse parallelle skapnadene ut og sjå på han som grunnlag for desse revolusjonane; dette er så mykje lettare, ettersom individua som gjorde revolusjon, alt etter deira grad av utdanning og deira historiske utviklingstrinn, sjølv gjorde seg illusjonar om sin eiga verksem. - -

Alle samanstøyter i historia har altså etter vår oppfatning utspringet sitt i motseiinga mellom produktivkrefte og samkvems/53/forma. Det er elles ikkje nødvendig, at denne motseiinga er sett på spissen i dette landet sjølv for å føre til samanstøyt i eit land. Konkuransen med land som er industrielt meir utvikla, slik som han er framkalla av det utvida internasjonale samkvemmet, er tilstrekkelig til å frambringe ei liknande motseiing også i land med mindre utvikla industri (t.d. det latente proletariatet i Tyskland som konkurransen frå den engelske industrien har fått til å tre fram i dagens lys).

-

Konkuransen isolerer individua, ikkje bare medlemmene av borgarskapet, men enno meir proletarane, og set dei opp mot kvarandre, på tross av at han bring dei saman. Derfor tar det lang tid før desse individua kan sameine seg, bortsett frå at dei nødvendige midla til denne sameininga – viss ho skal vere meir enn bare lokal – nemlig dei store industribyane og dei billige og hurtige kommunikasjonane, først må vere skapt av storindustrien, og derfor er det først etter langvarige kampar mulig å sigre over ei kvar makt, som står organisert ovafor desse isolerte individua, som lever under forhold, der isoleringa blir skapt om att kvar dag. Å forlange det motsette, ville vere det same som å forlange at konkurransen ikkje skulle eksistere i denne bestemte historiske epoken, eller at individua skulle slå ut av hovudet sitt forhold dei som isolerte individ ikkje har kontroll over.

-

Husbygging. Hos dei ville folka er det sjølvsagt at kvar familie har si eiga hole eller hytte, likesom det åtskilte teltet til kvar familie hos nomadane. Dette oppdelte hushaldet blir gjort enno meir nødvendig ved den vidare utviklinga av privateigdommen. Hos jordbruksfolk er felles hushald like så umulig som felles dyrking av jorda. Eit stort framskrift var bygging av byar. Men i alle tidligare periodar var avskaffinga av det oppdelte hushaldet, som ikkje kan skiljast frå avskaffinga av privateigdommen, umulig allereie fordi dei materielle føresetnadane til det ikkje var for handa. Innretninga av felles hushald føreset utviklinga av maskiner, utnyttinga av naturkrefte og mange andre produktivkrefte - t.d. vassleidningar, gasslys,/54/ dampoppvarming osb. Oppheving [av motsetnaden] mellom by og land. Utan desse føresetnadane ville det felles hushaldet ikkje i seg sjølv vere ei ny produktivkraft, det ville mangle alt materielt grunnlag, kvile på et reint teoretisk grunnlag, dvs. det ville bare vere

ei grille og ikkje nå vidare enn til klosterøkonomi. - Kva som var mulig, viste seg når folk flytta saman i byar, og når dei bygde felles hus til enkelte bestemte formål (fengsel, kasernar osb.). At opphevinga av det åtskilde hushaldet ikkje kan skiljast frå opphevinga av familien, er sjølvsagt.

[Den læresetninga som førekjem så ofte hos Sankt Max hyppig, at ein kvar er alt kva han er gjennom staten, er i grunnen det same som at ein borgar bare er eit eksemplar av arten borgar, ei læresetning som føreset at borgarklassen allereie har eksistert forut for dei individua som dannar han.]⁶⁹

I middelalderen var borgarane i kvar by tvinga til å sameine seg mot landadelen for å forsvare seg; utbreiinga av handelen, opprettinga av kommunikasjonane førte til at dei enkelte byane lærte andre byar å kjenne som hadde forsvar dei same interessene i kamp mot den same motstandaren. Frå dei mange lokale borgarskapene i dei enkelte byane oppstod først litt etter litt borgarklassen. De enkelte borgarane sine livsføresetnader blei også dei føresetnadane som var felles for dei alle og uavhengige av kvar enkelt, fordi dei sto i motsetnad til dei beståande forholda og dermed var vilkår for arten av arbeidet. Borgarane hadde skapt desse føresetnadane, ettersom dei hadde rive seg laus frå den føydale bindinga, og dei var skapt av dei, ettersom dei hadde som føresetnad motsetnaden deira til den føydalismen dei fann. Så snart samkvemmet mellom dei enkelte byane var skapt, utvikla desse felles føresetnadane seg til klasseføresetnadar. Dei same føresetnadane, den same motsetnaden, dei same interessene måtte også i det store og heile framkalle dei same seder og skikkar overalt. Borgarskapet sjølv utvikla seg først etterkvert saman med sine føresetnadar, oppspalta seg som følgje av delinga av arbeidet⁷⁰ etter i forskjellige fraksjoner og tok til slutt opp i seg alle dei eigande klassane, (mens fleirtalet av die eksisterande eigedomslause og ein del av de hittil eigande klassane fram til då utvikla seg til ein ny klasse, proletariatet) i same grad som all eksisterande eigedom blei forvandla til industriell eller kommersiell kapital.

Dei enkelte individua dannar ein klasse bare i den grad /55/ som dei må føre ein felles kamp mot ein annan klasse; elles står dei sjølv innbyrdes fiendtlig ovafor kvarandre i konkurransen. På den andre sida gjør klassen seg igjen sjølvstendig ovafor individua, slik at dei finn desse livsføresetnadane sine fastsett å på førehånd: av klassen får dei tilvist livsstillinga si og dermed den personlige utviklinga si, og dei bli underordna under dette. Dette er det same fenomenet som dei enkelte individua si underordning under delinga av arbeidet og kan bare fjernast ved at privateigedommen og arbeidet sjølv blir avskaffa. Vi har allereie fleire gongar antyda korleis denne underordninga av individua under klassen også utviklar seg til ei underordning under alle slags førestellingar osb. –

Når vi ser nøye og *filosofisk* på utviklinga til individua under dei eksistensføresetnadane som er felles for dei stendene og klassane som følgjer historisk på kvarandre, og dei generelle førestellingane, som dermed blir tvinga på dei, så kan vi ganske visst lett innbille oss at arten eller mennesket, hadde utvikla seg i desse individua, eller at dei hadde utvikla mennesket; ei innbillingsfasa, som vi gir historia noen kraftige lusingar med. Vi kan så oppfatte desse forskjellige stendene og klassane som særskilde versjonar av det generelle uttrykket, som undertar, som utviklingsfasar av mennesket.

⁶⁹ Denne setninga sette Marx i hakeparentes og føydde til langs kanten ein loddrett strek og skrev nær denne: *Präexistenz der Klasse bei den Philosophen = Klassen sin föreksistens hos filosofane.*

⁷⁰ I høgd med dette ein loddrett strek og under der med Marx si handskrift: *Sie absorbiert zunächst die dem Staat direkt angehörigen Arbeitszweige, dann +/- ideologischen Stände = Dei syg så opp dei arbeidsgreinene, så +/- ideologiske stender, som høyrer direkte til staten.*

Denne underordninga av individua under bestemte klassar kan ikkje bli oppheva, før det har danna seg ein klasse, som ikkje meir har ei særskild klasseinteresse å hevde ovafor den herskande klassen.

Forvandlinga av personlige makter (forhold) til tinglige gjennom delinga av arbeidet kan ikkje bli oppheva att bare fordi vi slår den allmenne førestellinga om det ut av hovudet; men bare ved at individua på ny underordnar desse tinglige maktene under seg og opphevar delinga av arbeidet.⁷¹ Dette er umulig utan fellesskapen. Først i fellesskapen med andre har kvart⁷² individ midla til å utvikle anlegga sine til alle sider; først i fellesskapen blir den personlige fridomen altså mulig. I dei erstatningane for fellesskap som har vore til no, i staten osb., fans den personlige fridomen bare for dei individua som utvikla seg under den herskande klassen sine forhold og bare så langt som dei var individ av denne klassen. Den innbilte fellesskapen, som individua hittil hadde sameint seg i, gjorde seg alltid sjølvstendig ovafor dei og var dessutan, ikkje bare ein heilt ut innbilt fellesskap, men også ei ny lenke for den beherska klassen, fordi han var den eine klassen si sameining ovafor ein annan. I det verkelege fellesskapet oppnår individua i og gjennom samanslutninga si også fridommen sin. – Individua gjekk alltid ut frå seg sjølv, men naturlegvis ut frå seg sjølv slik som dei var under dei gitte historiske føresetnader og forhold, ikkje ut frå det "reine" individet i ideologane si tyding. Men i løpet av den historiske utviklinga og nettopp i kraft av den sjølvstendiggjøring av dei samfunnsmessige forholda som var unngåelig innafor delinga av arbeidet, trer det fram det ein forskjell i kvart enkelt individs liv, for så vidt det er personlig og for så vidt det er underordna under ei eller anna arbeidsgrein og dei føresetnadene som høyrer med. (Dette må vi ikkje forstå slik som om til dømes rentieren, kapitalisten osb. held opp med å vere personar; men personligdommen deira har som vilkår og er bestemt av ganske bestemte klasseforhold, og forskjellen trer først fram i motsetnad til ein annan klasse, og for dei sjølv skjer det først, når dei går fallitt). I standen (og enno meir i stammen) er dette enno tilslørt; t.d. blir ein adelsmann alltid ved med å vere ein adelsmann, ein roturier⁷³ alltid ein roturier, bortsett frå hans andre forhold er det ein kvalitet som ikkje kan skiljast frå han som individ. Forskjellen mellom det personlige individet og klasseindividet, det tilfeldig ved føresetnadene for livet til individet, viser seg først der det opptrer ein klasse, som sjølv er eit produkt av borgarskapet. Individua sin konkurranse og kamp seg imellom bring fram og utviklar først /57/ denne tilfeldigheta som slik. I førestellinga er individua derfor friare under borgarskapets herredømme enn før, fordi føresetnadene for livet deira er tilfeldige for dei; i verkelegheita er dei naturligvis meir ufrie, fordi dei er meir underordna ei tinglig makt. Forskjellen mellom stand og -klasse trer nemlig fram i borgarskapet sin motsetnad til proletariatet. Då byborgarane sin stand, korporasjonane osb., kom opp ovafor landadelen, syntest føresetnaden for eksistensen hans, den rørlige eigedommen og handverksarbeidet, som hadde eksistert latent allereie før han blei utskild frå foydal forbundet, å vere noe positivt som blei gjort gjeldande overfor den foydale jordeigdommen, og derfor tok den også i første omgang igjen

⁷¹ Nær denne setninga i høgre spalte med handskrifta til Engels: (*Feuerbach: Sein und Wesen =Væren og vesen.*)

⁷² MEGA, MEA: [*mit anderen hat jedes*] *Individuum*. Landshut: erhält das *Individuum*; Manuskriptet: som ovanfor.

⁷³ Routurier (frå fransk) var opphavlig bønder som eigde eit stykke jord som dei betalte avgift for til jordherren/adelsmannen. Fram mot den franske revolusjonen i 1789 blei dei dette omgrepene brukta om borgarar som levde av sin eigen kapital, formue, produkt, rikdom eller innkomstar frå yrket eller posten sin. Det var handverkarar, jordarbeidarar, dagarbeidarar, dvs alle som ikkje tilhøyrt adelens eller kyrkja (tredjestanden). Omsettaren sin merknad.

den føydale forma på sin måte. Riktig nok behandla dei flyktande livegne den tidlegare livegenskapen sin som noe tilfeldig når det gald personligdommen deira. Men dermed gjorde dei bare det same som ein kvar klasse gjør, som frir seg frå ei lenke, og elles fridde dei seg ikkje som klasse, men bare enkeltvis. Enn vidare gjekk dei ikkje ut av stendervesenet sitt område, men danna bare ein ny stand og held fast på den tidligare arbeidsmåten sin også i den nye stillinga og utvikla den vidare, i det dei fridde seg frå dei lenkene dei hadde hatt som ikkje lenger svarte til den allereie oppnådde utviklinga. -

Hos proletarane derimot er føresetnaden for deira eigne liv, arbeidet, og dermed alle eksistensvilkår i det moderne samfunnet, blitt til noe tilfeldig for dei, noe som dei enkelte proletarane ikkje har kontroll over og som ingen *samfunnsmessig* organisasjon kan gi dei kontroll over; motsetnaden mellom den enkelte proletaren sin personligdom og dei livsføresetnadene som er tvinga på han, nemlig arbeidet, trer fram for han sjølv, særlig då han allereie frå ungdommen av blir ofra, og at han, innafor sin eigen klasse, ikkje har noen sjanse til å nå fram til føresetnader som ville gi han tilgjenge til ein annen. -

/58/ NB. Lat oss heller ikkje gløyme, at naudsynet for dei livegne til å eksistere, og den store økonomien som fordelinga av jordstykke (parsellar) gjorde umulig, at skyldnadene deira ovafor føydalherren snart blei redusert til eit gjennomsnitt av naturalleveransar og hoveriytingar, som gjorde det mulig for dei livegne å samle opp rørlig eigedom; dette letta flukta hans frå herren sine eigedommar og gav han utsikt til å skape seg ei framtid som byborgar; men det bringa også fram graderingar mellom dei livegne, slik at dei flykta livegne allereie er halvvegs borgarar. Med dette er det likså innlysende at dei livegne bøndene som meistra eit handverk hadde dei beste sjansane for å skaffe seg rørlig eigedom.

Mens dei flykta livegne slik bare ville utvikle fritt og gjøre gjeldande dei føresetnadene for eksistensen sin som allereie fans og derfor i siste instans bare nådde fram til det frie arbeidet, må proletarane, for å gjøre seg personlig gjeldande, oppheve dei føresetnadene for eksistensen sin som fins og som samstundes er føresetnadene for eksistensen til heile samfunnet fram til då, nemlig arbeidet. Dei er derfor plassert i direkte motsetnad til den forma, som til no gav individua i samfunnets det felles uttrykket sitt, nemlig til staten, og dei må omstyrte staten for å hevde personligdomen sin.

Det går fram av heile den utviklinga fram til no at det fellesskapsforholdet, som individua i ein klasse hadde gått inn i og som var betinga av dei felles interesser dei hadde ovafor ein tredjepart, alltid var ein fellesskap, som desse individua bare hørte til som gjennomsnittsindivid og bare så langt som dei levde under eksistensføresetnadene til sin eigen klasse, eit forhold, som dei ikkje hadde del i som individ, men bare som klassemedlem. Ved det revolusjonære proletariatets fellesskap derimot, som tar sine egne og alle samfunnsmedlemmenes føresetnader for eksistensen sin under sin eigenkontroll, er det nettopp omvendt, der tar alle individua del som individ. Det er nettopp sameininga av individua (naturligvis innafor rammene av dei føresetnadene som dei no utvikla produktivkraftene skaper), som gir føresetnadene for individua si frie utvikling og rørsle under deira kontroll; desse føresetnadene var til no overalt overlate til tilfellet, og dei hadde gjort seg sjølvstendige ovafor dei enkelte individua, nett fordi dei var isolerte som individ, sameining bare av naudsynet, som var gitt ved delinga av arbeidets og som var blitt til eit band gjennom isolasjonen deira, som var framand for dei sjølv. Sameininga fram til no var bare ei sameining (på ingen måte ei vilkårlig sameining, som det t.d. blir omtala i "Contrat social", men ei

nødvendig sameining) (jf. t.d. danninga av den nordamerikanske staten og dei søramerikanske republikkane) med omsyn på desse føresetnadene, som individu så kunne nyte tilfeldigheita under. Denne retten til uforstyrra å kunne nyte tilfeldigheita under visse føresetnader, har dei hittil kalla personlig fridom. - Desse føresetnadene for eksistensen er naturligvis bare dei produktivkrefte og samkvemsformene som fins til ei kvar gitt tid.

-

Kommunismen skil seg frå alle tidligare rørsler ved det at han omveltar grunnlaget for alle tidligare produksjons- og samkvemsforhold og for første gang medvete handsamar alle naturgitte føresetnader som noe, som er skapt av dei tidligare menneska, kler av dei den naturgitte karakteren deira og underkastar dei under makta til dei sameinte individu.

Kommunismens institusjon er derfor etter sitt vesen økonomisk, den materielle framstillinga av føresetnadene for denne sameininga; den gjør dei eksisterande føresetnadene til føresetnader for denne sameininga. Det varige, som kommunismen skaper, er nettopp det verkelige grunnlaget som gjør det umulig at noe fins uavhengig av individu, etter som dette beståande likevel ikkje er anna enn eit produkt av individu sitt eige samkvem fram til då.

Kommunistane behandler altså i praksis dei føresetnadene som er skapt av den tidligare produksjonen og samkvemmet som uorganiske, utan at dei likevel innbiller seg, at det skulle ha vore dei føregåande generasjonane sin plan eller bestemming å levere dei materiale, og utan å tru, at desse føresetnadene var uorganiske for dei individu, som skapte dei.

/60/ Forskjellen mellom det personlige individet og det tilfeldige individet er ikkje definisjonen av eit omgrep, men eit historisk faktum. Denne definisjonen har forskjellig tyding til forskjellige tider; t.d. er standen noe tilfeldig for individet i det 18. hundreåret, plus ou moins [meir eller mindre] også familien. Det er ikkje oss, som skal foreta denne distinksjonen for ein kvar tidsperiode, men ein kvar tidsperiode foretar den sjølv blant dei forskjellige elementa, som den finn, og den gjør det ikkje ifølge omgropet, men tvinga av kollisjonane i det materielle livet.

Kva som for ei seinare tid ser ut til å vere tilfeldig i motsetnad til den tidligare, altså også blant dei elementa, som ha har overtatt frå ei tidligare, er ei samkvemsform, som svarte til ei bestemt utvikling av produktivkrefte. Produktivkrefte sitt forhold til samkvemsforma er samkvemsforma sitt forhold til individu si verksemd eller aktivitet. (Grunnforma for denne verksemda er naturligvis den materielle, som alle andre åndelige, politiske, religiøse osv. er avhengig av. Den forskjellige utforminga av det materielle livet er kvar gong naturligvis avhengig av dei behov som allereie er utvikla, og både det som bring fram og som tilfredsstiller desse behova er sjølv ein historisk prosess, som ikkje finns verken hos ein sau eller ein hund (Stirner sitt tungtvegande hovudargument adversus hominem [rettet mot mennesket]), skjønt sauar og hundar i den skapnaden dei no har ganske visst, men malgré eux [mot sin vilje] er produkt av ein historisk prosess). Dei føresetnadene, som individu omgår kvarandre under, så lenge motseiinga enno ikkje er oppstått, er føresetnader, som høyrer med til deira individualitet, de er ikkje noe utvendig for dei, men føresetnader, som desse bestemte, under bestemte forhold eksisterande individ aleine kan produsere deira materielle liv og kva som henger saman dermed under; de er altså føresetnader for deira sjølvverksemd og blir produsert av denne sjølvverksemda. Den bestemte føresetnaden som dei produserer under, svarer altså, så lenge /61/ motseiinga ennå ikkje er oppstått, til den verkelege føresetnaden deira, det einsidige tilværet deira, der det einsidige først viser seg, når motseiinga oppstår og følgjelig eksisterer for dei, som kjem seinare. Då trer denne føresetnaden fram som ei tilfeldig

lenke, og då blir medvitet om at han er ei lenke også feilaktig tillagd ein tidligare tidsperiode.

Desse forskjellige føresetnadene, som først trådde fram som føresetnader for sjølvverksemda, men seinare som lenkjene hans, dannar under heile den historiske utviklinga ei samanhengande rekje av samkvemsformer, som heng slik saman at det i staden for den tidligare samkvemsforma, som er blitt til ei lenke, blir sett ei ny som svarer til de meir utvikla produktivkraftene og samtidig til den meir framskridne arten av individua si sjølvverksemde, som à son tour [i sin tur] igjen blir til lenke og derfor blir erstatta av ei anna. Då desse føresetnadene på kvart trinn svarer til den samtidige utviklinga av produktivkraftene, er historia deira også historia om produktivkraftene som utviklar seg og blir overtatt av kvar ny generasjon og dermed historia til utviklinga av desse individua sine eigne krefter.

Då denne utviklinga går spontant for seg dvs. ikkje er underlagt ein totalplan av fritt sameinte individ, så går ho ut frå dei forskjellige lokalitetane, stammene, nasjonane, arbeidsgreinene osb.; kvar av dei utviklar seg i begynninga uavhengig av dei andre og trer først litt etter litt i samband med dei andre. Vidare går utviklinga bare svært langsamt for seg; dei forskjellige stadia og interessene blir aldri helt overvunne, men bare underordna den sigerrike interessa og sleper seg ennå i hundreår vidare ved sida av denne. Når vi ser bort frå formuesforholda utviklar individua seg følgjelig heilt forskjellig, sjølv innafor same nasjon, og ei tidligare interesse, med si særeigne samkvemsform som allereie er fortrengt av ei som svarer til ei seinare interesse, blir ennå lenge ved med å ráde over ei tradisjonell makt i den fellesskapen som tilsynelatande har gjort seg sjølvstendig i forhold til individua (stat, rett), ei makt som i siste instans bare kan brytast av ein revolusjon. Det forklarer også kvifor medvitet med omsyn til enkelte punkt, /62/ som gjør mulig ei meir allmenn samanfatting, kan synast å vere vidare framskriden enn dei samtidige empiriske forholda, slik at vi i kampane i ei seinare epoke kan støtte oss til tidligare teoretikarar som autoritetar.

Derimot går utviklinga svært hurtig i land, - som Nord-Amerika – som begynner på ny i ei historisk epoke som allereie er meir utvikla. Slike land har ikkje andre naturlig framvaksne føresetnader enn dei individua som buset seg der og blei pressa til å gjøre dette av samkvemsformer i dei gamle landa som ikkje svarte til behova deira. Dei begynner altså med dei mest framskridne individua frå dei gamle landa og følgjelig med den mest utvikla samkvemsforma, som svarer til desse individua, enno før denne samkvemsforma kan slå igjennom i de gamle landa. Dette gjeld alle koloniar, såframt dei ikkje bare er militær- eller handelsstasjonar. Karthago, dei greske koloniane og Island i det 11. og 12. hundreåret gir eksempel. Eit liknande forhold finn stad ved erobring, når ein samkvemsform, som er utviklet på en annen jordbotn, i ferdig form blir brukt med til det erobra landet; mens ho i heimlandet sitt enno var påverka av interesser og forhold frå tidligare epokar, kan og må ho her slå igjennom fullstendig og utan forhindringar, allereie for å sikre erobrarane varig makt. (England og Napoli etter normannarane si erobring, der dei fikk den mest fullkomne from for føydal organisasjon). –

⁷⁴[At erobringa er eit faktum synes å motsei heile denne samfunnsoppfatttinga. Dei har til no gjort vald, krig, plyndring, rovmord m.m. til historias drivkraft. Vi må her avgrense oss til hovudpunktet og tar derfor bare det mest slåande eksemplet der eit barbarisk folk øydelegg ein gammal sivilisasjon og derfor dannar ein ny samfunnsstruktur som begynner heilt frå grunnen av (Roma og barbarane, føydalismen og Gallia, det Austromerske riket og tyrkarane). /63/

⁷⁴Klammer av Marx.

Hos dei erobra barbarfolka er krigen enno, som allereie antyda ovanfor, ei regelmessig samkvemsform, som blir nyttta desto ivrigare, jo meir tilveksten i folkesetnaden skaper behov for nye produksjonsmiddel under den overleverte, primitive produksjonsmåten, som for dei er den einaste mulige. I Italia derimot var den frie folkesetnaden nesten forsvunne og sjølv slavane døydde meir ut og måtte heile tida erstattast med nye; denne tilstanden var skapt gjennom konsentrasjon av jordeigedommen (forårsaka dels av oppkjøp og gjeldsbyrder, men også gjennom arv, i det dei gamle slektene etter kvart døydde ut som følgje av uskeiing og sjeldne giftarmål, og egedommane deira gjekk til noen få) og forvandlinga av han til beiteareal for kveg (som forutan dei sedvanlige, enno i dag gyldige økonomiske årsakene var forårsaka av - innførsel av røva korn og tributtkorn og den derav følgjande mangel på avtakarar av italsk korn). Slaveriet fortsette å vere grunnlaget for heile produksjonen. Plebeiarane, som stod mellom frie og slavar, nådde aldri ut over å vere eit filleproletariat. I det heile tatt nådde Rom aldri ut over byen, ein by som nesten bare stod i politiske samband med provinsane, eit samband som naturlig nok igjen kunne avbrytast gjennom politiske hendingar.

_75

Ikkje noe er meir vanlig enn førestellinga om at historie til no bare har dreia seg om å *ta*. Barbarane *tar* romarriket og med dette som eit faktum erklærer dei overgangen frå den gamle verdi til føydaltida. Når barbarane tar kjem det an på om nasjonen som blir tatt har utvikla industrielle produktivkrefter, slik det er tilfelle hos dei moderne folka, eller om produktivkrefte deira i hovudsak bare kvilar på⁷⁶ sameininga deira og fellesskapen. Takinga er dessutan avhengig av gjenstanden som blir tatt. Papirformuen til en bankier kan absolutt ikkje blir tatt utan at den som tar legg inn under seg produksjons- og handelsvilkåra i det landet som blir tatt. Det same gjeld heile industrikapitalen i eit moderne industriland. Og endelig tar takinga snart slutt når det ikkje er meir å ta, og når det ikkje er meir å ta så må dei begynne å produsere. Ut frå naudsynet til å produsere, som svært snart pressar seg på, følgjer /64/ at den forma for fellesskapsvesen som erostrarane dannar må samsvare med utviklingstrinnet til dei produktivkrefte som dei førefinn, eller viss dette ikkje er tilfelle frå før, så må det endre seg ut frå produktivkrefte. Dette forklarer også det faktum at vi i tida etter folkevandringane over alt har lagt merke til at tenaren var herre og at erobraren svært snart tok over språket, danninga og skikkane til dei erobra. – Føydalvesenet blei ikkje brukt fullt ferdig frå Tyskland, men sprang frå erostrarane si sida ut frå den krigerske organisasjonen av hærskipnaden deira under sjølve erobringa og denne utvikla seg først etterpå, gjennom inverknad av produktivkrefte i dei erobra landa, til det eigentlige føydalvesen. Kor mykje denne forma hadde vilkåra sine i produktivkrefte viser seg i dei misslukka eksperimenta på å sette ut i livet andre former som sprang ut av minna frå det gamle Roma (Karl den store osb.). Skal fortsettast –⁷⁷

I storindustrien og konkurransen er alle føresetnader for eksistensen, vilkår, einsidige kvalitetar hos individua smelta saman i dei to simplaste formene: privateigedom og arbeid. Med pengane er kvar samkvemsform og sjølve samkvemmet sett som noe tilfeldig for individua. Altså ligg det allereie i pengane at alt tidligare samkvem bare var samkvem mellom individ under bestemte føresetnader, ikkje mellom individ som individ. Desse føresetnadene er redusert til to - akkumulert arbeid eller privateigedom, eller verkeleg arbeid. Held den eine eller den andre av dei opp, så går samkvemmet i stå. Dei moderne økonomane, til dømes

⁷⁵ I manuskriptet er der tre skråstrekar mellom dette og neste avsnitt, som om den teksten som står mellom klammene og skråstreka skal takast ut av den samanhengande teksten.

⁷⁶ I manuskriptet feilaktig: *beruht*.

⁷⁷ Notat av Engels skrive mellom avsnitt avgrensa av ein kraftig skråstrek.

Sismondi, Cherbuliez osb., stiller sjølv mot kvarandre association des individus og association des capitaux.⁷⁸ På den andre sida er individua sjølv fullstendig underordna delinga av arbeidet og med det er dei brakt i stilling der dei er avhengig av kvarandre på den mest fullkomne måten. I den grad som privateigedommen innafør arbeidet trer mot arbeidet, utviklar det seg av den naudsynte akkumulasjonen og har i begynninga ennå til ein viss grad fellesskapets form, men under den vidare utviklinga nærmar det seg meir og meir privateigedommen si moderne form. Ved delinga av arbeidet er det allereie på førehand gitt ei deling av arbeidsføresetnadene, av verktøy og material, og dermed den akkumulerande kapitalen si oppsplitting mellom forskjellige eigarar, og dermed oppsplittinga mellom kapital og arbeid og dei forskjellige former for sjølve eigedommen. Jo meir deling av arbeidet blir utforma og jo meir akkumulasjonen veks, desto skarpare blir også denne oppsplittingen utforma. Arbeidet sjølv føreset denne oppsplittingen for å kunne bestå.

(Personlig energi hos individua i enkelte nasjonar - tyskarar og amerikanarar - energi allereie gjennom rasekrysning – tyskarane derfor tilbakeståande - i Frankrike, England osb. framande folk omplanta til eit allereie utvikla område, i Amerika til eit heilt nytt; I Tyskland blei den opphavlige folkesetnaden rolig sittande.)

To fakta viser seg altså her. For det første⁷⁹ trer produktivkraftene fram som heilt uavhengige og lausrivne frå individua, som ei eiga verd ved sida av individua; grunnen til dette er at individua, som dei er kreftene til, eksisterer oppsplitta og i motsetnad til kvarandre, mens, på den andre sida, det bare er i desse individua sitt samkvem og i samanhengen deira at desse kreftene er verkelege krefter. Altså på den eine sida ein heilskap av produktivkrefter, som så å sei har tatt tinglig skapnad og som for individua sjølv ikkje lengre er individua sine krefter, men privateigedommens og derfor bare individua sine så vidt som dei er eigarar av privat eigedom. Produktivkraftene har ikkje i noen tidligare periode tatt ei form så likegyldig for individua sitt samkvem *som* individ, fordi samkvemmet deira sjølv enno var avgrensa. På den andre sida står ovafor desse produktivkraftene fleirtalet av individua som desse kreftene er lausrive frå og som derfor er frårøva alt verkeleg livsinnhald, som er blitt til abstrakte individ, men som først dermed er sett i stand til å trå i forbindelse med kvarandre *som individ*.

Den einaste samanhengen, dei framleis har med produktivkraftene og dermed med sin eigen eksistens, nemlig arbeidet, har for dei mist kvart skjær av sjølvverksem og held bare oppelivet deira /66/, ved å gjøre at det sjuknar hen. Mens sjølvverksem og frambringing av det materielle livet i tidligare periodar var åtskild ved at dei fall på forskjellige personar, og frambringinga av det materielle livet enno galt som ei underordna art av sjølvverksem på grunn av at individua sjølve var så innskrenka, er dei no skild så grundig frå kvarandre at det materielle livet overhovudet trer fram som mål, mens frambringinga av dette materielle livet, arbeidet (som no er den einaste mulige, men som vi ser, negative form for sjølvverksem), trer fram som middel.

⁷⁸ Association des individus og association des capitaux = *Samanslutning av individ og samanslutning av kapitalar*. Omsettaren sin merknad.

⁷⁹ Nær dette skrev Engels i høgre spalte: *Sismondi*.

No har det altså komme så vidt, at individua må tilegne seg den totaliteten av produktivkrefter som fins, ikkje bare for å nå fram til sjølvverksemda si, men allereie for overhovudet å sikre sjølv eksistensen sin.

Denne tilegninga er for det første betinget av den tingen, som skal tilegnas - produktivkrefte, som er utvikla til ein totalitet og som bare eksisterer innafor eit universelt samkvem. Denne tilegninga må altså allereie frå denne sida ha ein universell karakter, som svarer til produktivkrefte og samkvemmet. Tilegninga av desse krefte er sjølv ikkje anna enn utviklinga av dei individuelle evnene, som svarer til utviklinga av dei materielle produksjonsinstrumenta. Tilegninga av ein totalitet av produksjonsinstrument er allereie av denne grunnen utviklinga av ein totalitet av evner i individua sjølv.

Vilkåra for denne tilegninga er i dei individua som skal foreta ho. Bare notidas proletarar, som er fullstendig utelukka frå all sjølvverksem, er i stand til å gjennomføre den fullstendige, ikkje lenger avgrensa, sjølvverksemda si som består i tilegninga av ein totalitet av produktivkrefte og den bestemte utviklinga av ein totalitet av evner som følgjer av det. Alle tidligare revolusjonære tilegninga var avgrensa: individ med avgrensa sjølvverksem ifølge eit avgrensa produksjonsinstrument og et avgrensa samkvem, tilegna seg bare dette avgrensa produksjons/instrumentet og oppnådde dermed bare ei ny avgrensing.

Produksjonsinstrumentet deira blei eigedommen deira, men dei sjølv blei underordna under delinga av arbeidet og sitt eige produksjonsinstrument. Ved alle tidligare tilegninga blei ei mengd individ underordna eit einaste produksjonsinstrument; ved proletarane si tilegning må ei mengd produksjonsinstrumenta bli underordna kvart individ og eigedomsretten underordna alle. Det moderne universelle samkvemmet kan ikkje underordnast individua på noen annan måte enn ved at det underordnast alle. –

Tilegninga er vidare bestemt av den måten, som ho må bli fullført på. Ho kan bare bli fullbyrda gjennom ei sameining, som ifølge proletariatet sin karakter bare kan vere universell, og gjennom ein revolusjon, der, på den eine sida, makta til den tidligare produksjons- og samkvemsmåten og den samfunnsmessige oppdelinga blir styrta og der, på den andre sida, proletariatet sin universelle karakter og energi, som er nødvendig for å gjennomføre denne tilegninga, blir utvikla, mens proletariatet kaster av seg alt det som er blitt igjen hos det av den stillinga det har hatt i samfunnet tidligare.

Først på dette trinnet fell sjølvverksemda saman med det materielle livet, noe som svarer til at individua utviklar seg til totale individ og legg av seg det som har vokse fram naturlig, det primitive; og så svarer det til arbeidet si forvandling til sjølvverksem og forvandlinga av det tidligare samkvemmet, som er bestemt ut frå sine vilkår, til eit samkvem mellom individ som slike. Med dei sameinte individua si tilegning av dei totale produktivkrefte tar privateigedommen slutt. Mens ein særeigen føresetnad alltid sto fram som tilfeldig til no i historia, er det frå no av sjølvve individua si avsondring, kvar enkelt si særeigne privatverksem, som sjølv er blitt tilfeldig.

Dei individua som ikkje lenger /68/ blir underordna under delinga av arbeidet, har filosofane forestelt seg som ideal under namnet "menneske", og heile den prosessen som vi har utvikla har dei oppfatta som "mennesket" sin utviklingsprosess, slik at dei tidligare individua på kvart historisk trinn er blitt pådytta å vere "mennesket", og dei er blitt framstilt som drivkrafta i historia. Heile prosessen blei slik oppfatta som "menneskets" sjølvframandgjøringsprosess, og dette kjem i det vesentlige av at gjennomsnittsindividet frå eit seinare trinn blei sett i staden

for det tidligare, og den seinare medvitet [blei]⁸⁰ tillagt dei tidligare individua. Ved denne omsnuinga, som på førehand abstraherer frå dei verkelege føresetnadene, var det mulig å forvandle heile historia til ein utviklingsprosess i medvitet. --

Det borgarlige samfunnet omfattar det samla materielle samkvemmet mellom individua innafor rammene av eit bestemt utviklingstrinn av produktivkraftene. Den omfattar det totale kommersielle og industrielle livet på eit bestemt trinn og går så vidt ut over staten og nasjonen, skjønt det på den andre sida igjen må gjøre seg gjeldande som nasjonalitet utetter, strukturere seg som stat innetter. Ordet "det borgarlige samfunnet" dukka opp i det 18. hundreåret, då eigedomsforholda allereie hadde arbeidd seg ut av dei antikke og middelalderske fellesskapene. Det borgarlige samfunnet som slikt utviklar seg først saman med borgarskapet; den samfunnsmessige organisasjonen som utviklar seg umiddelbart av produksjonen og samkvemmet og som til alle tider dannar grunnlaget for staten og dei andre idealistiske overbygga, er likevel heile tida blitt kalla med same namn.

Staten og retten sitt forhold til eigedommen

Både i den antikke verda som i middelalderen er stammeeigedommen den første forma for eigedom, hos romarane hovudsaklig bestemt av krig, hos /69/ germanarane av kvegal. Hos dei antikke folka opptrer stammeeigedommen som statseigedom, fordi fleire stammar bur saman i ein by; den enkelte sin rett til stammeeigedommen trer bare fram som possessio som avgrensar seg til jordeigedom, slik stammeeigedommen i det heile tatt. Den eigentlige privateigedommen begynner hos dei gamle som hos dei moderne folka med den rørlige eigedommen. (Slaveri og fellesskap), (dominium ex jure Quiritum) [en romersk fullborgers eigedom]. Hos dei folka, som oppsto i middelalderen, utviklar stammeeigedommen seg over forskjellige trinn - føydal jordeigedom, korporativ rørlig eigedom, manufakturkapital - fram til den moderne kapitalen, bestemt av storindustri og universell konkurranse, den reine privateigedommen, som har kasta av seg kvart skjær av fellesskapen og har utelukka ein kvar innverknad på eigedommen si utvikling frå statens side. Til den moderne privateigedommen svarer den moderne staten, som etter kvart blir oppkjøpt av dei private eigedomshavarane gjennom skattane; gjennom statsgjelda er han heilt tilfalle dei og eksistens til han er blitt avhengig - gjennom stigninga og fallet til statspapira på børsen - av den kommersielle kreditten, som dei private eigedomshavarane, borgarane, yter han. Fordi borgarskapet er ein klasse og ikkje lenger ein stand, er det allereie tvinga til å organisere seg nasjonalt, ikkje lenger lokalt, og å gi gjennomsnittsinteressene sine ei allmenn form. Gjennom privateigedommen sin frigjøring frå fellesskapen er staten blitt til ein særskild eksistens ved sida av og utanfor det borgarlige samfunnet; men han er ikkje anna enn den forma for organisasjon, som borgarskapet nødvendigvis gir seg sjølv, så vel utetter som innetter, til gjensidig garanti for eigedommen og interessene til medlemmene sine. Statens sjølvstende finnast no for tida bare i slike land, der stendene enno ikkje fullt ut har utvikla seg til klassar; der stendene, som er avskaffa i dei meir framskridne landa, enno spelar ei rolle, og der det eksisterer ei blanding; der ingen del av folkesetnaden derfor kan oppnå herredømmet over dei andre. Dette er særlig tilfellet i Tyskland. Det mest fullkomne eksempelet på den moderne staten er Nord-Amerika. Dei nyare franske, engelske og amerikanske skribentane gir alle uttrykk for den oppfatninga, at staten bare eksisterer for privateigedommen si skuld, såleis at dette også er gått over i det alminnelige medvitet.

⁸⁰ Denne setninga understrekte Marx i kanten og nær den i høgre spalte la han til: *Sjølvframandgjøring*.

Då staten er den forma, som individua i den herskande klassen gjør sine felles interesser gjeldande i og der heile det borgarlige samfunnet i en bestemt epoke konsentrerast, så blir følgjelig alle felles institusjonar formidla gjennom staten og får ei politisk form. Av det kjem den illusjonen som om loven skulle vere avhengig av viljen, og attpå til den frie viljen, og altså lausrive frå det verkelige grunnlaget sitt. På same måte blir retten redusert til loven igjen.

Privatretten utvikla seg samstundes med privateigedommen, når den fellesskapen som var naturlig vokse fram blei oppløyst. Hos romarane fekk privateigedommens og privatrettens utvikling ingen vidare industrielle og kommersielle følgjer, fordi den samla produksjonsmåten deira fortsette med å vere den same.⁸¹ Hos dei moderne folka, der industrien og handelen oppløyste det føydale fellesskapet, begynte ein ny fase, som kunne utviklast vidare, då privateigedommen og privatretten oppstod. Allereie Amalfi, den første byen som i middelalderen dreiv ein omfattande sjøhandel, utforma sjølovgivinga. Så snart industrien og handelen utvikla privateigedommen vidare, først i Italia og seinare i andre land, blei også den godt utvikla romerske privatretten igjen oppdaga og opphøgd til autoritet. Då borgarskapet seinare hadde fått så mykje makt, at fyrstane tok seg av interessene deira for å styre føydaladelen med borgarskapets hjelp, begynte der i alle /71/ land - i Frankrike i det 16. hundreåret - den eigentlige utviklinga av retten, som i alle land, med unntak av England, gjekk føre seg på grunnlag av romarrettens kodeks. Også i England måtte dei romerske rettsgrunnsatsane takast inn i den vidare utforminga av privatretten (særlig når det gald lausøyre). (Vi skal heller ikkje glømme, at retten like så lite som religionen har si eiga historie).

I privatretten seier dei at dei beståande eigedomsforholda er eit resultat av den allmenne viljen. Jus utendi et abutendi [retten til å bruke og forbruke - også: misbruke - det, som er ditt eige] uttrykker sjølv på den eine sida den kjennsgjerninga, at privateigedommen er blitt aldeles uavhengig av fellesskapen, og på den andre sida den illusjonen, at privateigedommen sjølv skulle kvile på den reint private viljen, den vilkårlege disposisjonen over tingene. I praksis har jus abutendi [retten til å misbruke] mykje bestemte økonomiske grenser for den private eigedomshavar, viss han ikkje vil sjå eigedommen sin og dermed og sin "jus abutendi" gå over på andre hender, då tingen slett ikkje er noen ting, viss du bare ser på han med omsyn på eigaren sin vilje, men først i samkvemmet, og uavhengig av retten til ein ting, blir til verkeleg eigedom (eit *forhold*, det som filosofane kallar ein idé).⁸² Denne juridiske illusjonen, som reduserer retten til bare viljen, fører i den vidare utviklinga av eigedomsforholda nødvendigvis til, at noen kan ha eit juridisk rettskrav på ein ting, utan verkeleg å ha tingen. Viss til dømes jordrenta på eit stykke jord fell bort som følgje av konkurransen, så har eigaren heilt klart eit rettskrav på det samtid "jus utendi et abutendi". Men han kan ikkje begynne å gjøre noe med det, som jordeigar eig han ingenting viss han ikkje allereie har kapital nok til å dyrke/bygge på jorda si. Ut frå denne same illusjonen hos juristane kan vi forklare, at det for dei og for ein kvar lovkodeks i det heile tatt, er reint tilfeldig, når individua trer inn i innbyrdes forhold, når dei til dømes inngår kontraktar, og at dei oppfattar dei som forhold, som vi etter behag [kan]⁸³ inngå eller la vere med å inngå, /72/ og der innhaldet heilt og halde kvilar på den individuelle [vil]kåret til dei som inngår avtalane. Så ofte der gjennom utvik[linga] av industrien og handelen har danna seg nye [sam]kvemsformer, [til] dømes forsikrings- osb.

⁸¹ Engels i den høgre spalta: (*Wucher!*).

⁸² I høgd med den førre setninga skreiv Marx i høgre spalte: *Forhold for filosofane = Idé. Dei kjenner bare forholdet "menneska" til seg sjølv og derfor blir alle verkelige forhold idear for dei.*

⁸³ Kanten av manuskriptet er skadd.

selskap, var retten kvar gong tvunge til å inkludere dei blant dei måtar som vi kan skaffe eigedom på.⁸⁴

Arbeidsdelinga sin innverknad på vitskapen.

Det som ved staten, loven, moralen, osb., undertrykkinga.

[I] lovene må borgarskapet gi seg eit allment uttrykk, sjølv om det herskar som klasse.⁸⁵

Naturvitenskap og historie.

Politikken, retten, vitskapen, osb., kunsten, religion, osb. har ikkje noe historie.

Kvífor snur ideologane stillar alt på hovudet.

Geistlege, juristar, politikarar.

Juristar, politikarar (statsmenn generelt), moralistar, geistlege.

For denne ideologiske underdivisjonen innan ein klasse: 1) *Arbeidsgreinene blir gjort sjølvstendige gjennom delinga av arbeidet*; kvar og ein held sitt handverk for det sanne. Dei dannar seg nødvendigvis illusjonar om samanhengen som yrket deira står i til verkelegheita då dette allereie er bestemt gjennom naturen til yrket sjølv. Forholda må begripast i medvitet gjennom jussen, politikken osb.; sidan dei ikkje er ut over desse forholda er også omgrepene for desse, stivna omgrep; dommaren, til dømes, bruker lov boka, for han gjeld derfor lovgivinga for den sanne aktive drivkrafta. Respekt for varene sine; då yrket deira har med det allmenne å gjøre.

Lovens idé. Statens idé. I det *vanlige* medvitet er saka stilt på hovudet.

Religion er på førehånd medvitet om det overnaturlige [som] går fram av det som er verkelig.

Dette meir populært.

Tradisjon, for rett, religion osb.

-

/73/⁸⁶ Individua har alltid gått ut frå seg sjølve, går alltid ut frå seg sjølve. Forholda deira er forhold i den verkelige livsprosessen deira. Kvífor er det slik at forholda deira har gjort seg sjølvstendige ovafor dei? at maktene i deira eigne liv er blitt overmektige mot dei?

⁸⁴ Her bryt det Engels har skrive av. Dei etterfølgjande notata frå Marx står i venstre spalte og dannar slutten på feuerbachmanuskriptet.

⁸⁵ Marx i høgre spalte: "Fellesvesenet" slik det blir uttrykt i den antikke staten, i føydalvesenet, i det absolutte monarkiet, dette bandet motsvarer nemlig den (kat[olske]) religiøse førestelling.

Med eit ord: *delinga av arbeidet*, der graden av deling avheng av dei produktivkraftene som alt er utvikla.

Felleseigedom.

Grunneigedom. føydal. moderne.

Standeigedom. Manufaktureigedom. Industriell kapital.

Her sluttar manuskriptet.

⁸⁶ Nær den følgande setninga i den høgre spalten i Engels handskrift som eldre: I, *Feuerbach, motsetnad mellom materialistisk og idealistisk oppfatning*.